



# Tysnes kommune

## Kommuneplanen sin arealdel

### 2010-2022

## PLANOMTALE

Framlegg til 1. gongs handsaming

27. september 2011

Omtale av nye areal er justert i forhold til Kommunestyret sitt  
planvedtak 26. april 2012.

Revidert 15. og 29.mai 2012





<b>1 Innleiing .....</b>	<b>4</b>
1.1 Folketalsutvikling og mål for vekst .....	4
1.2 Føremål.....	6
1.3 Planprosess og medverknad.....	6
<b>2 Planføresetnader .....</b>	<b>8</b>
2.1 Kommuneplan for Tysnes 2003 - 2015 .....	8
2.2 Overordna rammer og føringer for planarbeidet.....	8
2.3 Utviklingstrekk og utbyggingsmønster .....	8
2.4 Kommunikasjonar og endring av utbyggingsmønster .....	9
2.5 Kjerneområde landbruk .....	9
2.6 Barn og unge.....	9
2.7 Akvakultur .....	9
2.8 Strandsone .....	10
<b>3 Omtale av noverande og nye areal .....</b>	<b>15</b>
3.1 Bustadområde .....	15
3.2 Næringsområde .....	20
3.3 Offentlege område. Privat tenesteyting.....	21
3.4 Område for fritidsbustader .....	22
3.5 Småbåthamner .....	22
3.6 Naustområde .....	24
3.7 Nye vegtrasear .....	26
3.8 Nye areal i planen - totalt omfang .....	27
<b>4 Metode .....</b>	<b>28</b>
4.1 Metode for konsekvensutgreiing .....	28
4.2 Metode for risiko og sårbarheitsanalysar (ROS) .....	29
4.3 Produksjon av plankart .....	30
<b>5 Overordna konsekvensutgreiing .....</b>	<b>34</b>
5.1 Strandsone .....	34
5.2 Landbruk .....	35
5.3 Friluftsliv og folkehelse .....	36
5.4 Kulturminne og kulturmiljø .....	38
5.5 Naturverdiar og biologisk mangfold (Naturmangfold).....	40
5.6 Landskap .....	43
5.7 Barn og unge.....	44
5.8 Senterstruktur og utbyggingsmønster.....	45
<b>6 Overordna ROS-analyse .....</b>	<b>46</b>
6.1 Naturrisiko .....	46
6.2 Verksemdrisiko .....	49
6.3 Sårbare objekt .....	52
<b>7 Vedlegg .....</b>	<b>53</b>

## 1 Innleiing

Gjeldande kommuneplan har ein fyldig samfunnsdel, og ein arealdel som etter mange motsegner til slutt vart godkjent av kommunestyret den 22. juni 2004.

Det viste seg snart at kommunen ikkje hadde fått ein arealdel som stod til forventningane i kommunen. Det vart straks mange dispensasjonssøknader som etter høyningsrundar ikkje vart godkjent. Kommunen hadde ikkje oppnådd det primære målet sitt om at det skulle verta lettare å få byggja bustadhus i alle dei små bygdene, og at folk skulle få betre tilgang til båt- og sjøliv.

Rullering av kommuneplanen vart teke opp i mange politiske samanhengar med bl.a. temadebatt i kommunestyret. Moment som vart lagt vekt på i vidare arbeid var:

- "Light versjon". Ta med berre skulestrukturen og kommuneøkonomien i samfunnsdelen, og dei viktigaste arealformåla i arealdelen.
- Lettare med spreidd bustadbygging i LNF.
- Leggja til rette for båtplassar, areal i strandsona må prioriterast for fellesskap og næring.
- Fortetting i naustområde framfor enkeltnaust i nye område.
- Oppjustering av kystsoneplanen.
- Politikarar meir med i planprosessen for arealdelen.

På grunnlag av bl.a. desse føringane og ny planlov vart det utarbeidt eit planprogram. Førebels planprogram vart lagt fram i regionalt planforum 23. februar 2010.

I planforum fekk kommunen tydelege signal om at dersom rulleringa skulle innehalda samfunnsdelen måtte ein gjera det fullt ut med alle kommunale sektorar og fagområde. Ut frå dette valde kommunen å ta samfunnsdelen ut av planprogrammet.

Kommunen ville likevel i første del av planfasen ha ein intern gjennomgang av oppvekstetaten/skulestrukturen og økonomi som temaplan. Denne temaplanen, no kalla skulebruksplan, vart godkjent av kommunestyret den 22. juni 2011.

Andre råd som kom fram i planforumet vart innarbeidt i planprogrammet. Det vert vist til godkjent planprogram.

### Vedtak:

Tysnes formannskap vedtok 16. mars 2010 å starta opp arbeidet med rullering av arealdelen i kommuneplanen. Samstundes vart planprogram lagt ut på høyring. 22. juni 2010 gjorde kommunestyret slikt vedtak:

*"Med heimel i § 11 - 13 i plan- og bygningslova vert planprogram for rullering av kommuneplanen godkjent."*

*Rådmannen sine kommentarar til fråsegrer skal liggja til grunn for det vidare arbeid med rullering av arealdelen i kommuneplanen."*

Etter kommunen sitt syn er det teke omsyn til merknadane i planframlegget. Av konkrete ting i forhold til naturmangfaldlova, er desse i samsvar med fylkesmannen sitt råd, lagt inn som omsynssone.

Planframlegget er utarbeidt etter ny plan- og bygningslov med verknad frå 1. juli 2009.


Samfunnsdelen som hørde til gjeldande arealplan frå 2004 ligg også i botn for denne rulleringa.

### 1.1 Folketalsutvikling og mål for vekst

I gjeldande samfunnsdel vart det lagt ned eit grundig arbeid med folketalsutviklinga, framskriving av folketetalet, og kva for verknad dette hadde for Tysnes-samfunnet. Dei siste 40 åra har folketetalet vore stabilt med små variasjonar kring 2800 innbyggjarar. Det har vore ein liten nedgang i folketetalet i 2009 og 2010, men fram til no i 2011 har det vore ein auke att.


Tabellen under viser eit stabilt folketal mellom 2800 og 2900 personar over 25 år.

## Folketalsutvikling Tysnes kommune 1986-2011 (pr.1.jan)



Tabellen under viser at kommunen har ein lågare del av personar i aldersgrupper under 50 år enn i Hordaland og i landet sett under eitt, men ein høgare del av personar i aldersgruppa over 50 år. Tilnærma lik var alderssamsetjinga i folketalsprognosane som vart gjort i gjeldande samfunnssdel i 2003. Alderssamsetjinga er då slik at det må til ei netto innflytting på +10 personar pr. år for at folketalet ikkje skal gå ned.

## Fordeling av befolkninga i aldersgrupper pr. 1.jan.2011



Gjeldande kommuneplan vart basert på ei netto innflytting på +20 personar pr. år. Slik utviklinga har vore sidan 2004 kan ikkje kommunen sjå at det er naudsynt å gå grundig inn i samfunnssdelen ved denne rulleringa. Ein vekst på +20 personar pr. år vil dermed ligga i botn for denne rulleringa av planen. I denne vurderinga ligg det også bak at kommunen alt i løpet av år 2012 må gå gjennom heile kommuneplanen i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi.

I ein kommuneplan må kommunen basera seg på ei positiv folketalsutvikling. Ein viktig faktor i så måte vil vera om kyststamvegen vert bygt over Tysnes i planperioden, og at dette vil medføra at fleire buset seg i kommunen.

## 1.2 Føremål

Føremålet med rullering av arealdelen er å få til ein plan som samsvarer meir med den arealpolitikk kommunen ynskjer å gjennomføra. I dette ligg også at kommunen ynskjer ein plan som kommunen kan styra arealforvaltninga etter, og ikkje som no delvis styrt gjennom dispensasjonar.

For arealdelen er dei viktigaste tema ein gjennomgang av areal til:

- Bustadområde og spreidd bustad i LNF-område
- Næringsområde og offentlege område
- Småbåthamner, båtplassar og fortetting i naustområde

Eit viktig mål er å skapa attraktive bustadtomter som vert knytt opp mot båtplassar og tilgang til sjø. Kommunen har god tru på at dette målet vil føra til ein auke i netto innflytting, og dermed skapa vekst i kommunen.

## 1.3 Planprosess og medverknad

Medlemmane i Tysnes formannskap har saman med leiaren i utval landbruk/teknisk, vore politisk arbeidsgruppe for planarbeidet. Ordføraren har leia den politiske delen av planarbeidet, og plansjefen den administrative delen.

Den administrative arbeidsgruppa har hatt deltakarar av alle som arbeider innan fagfeltet for arealplanar i kommunen. Det vil sei:

- Plansjef
- Jordbruksjef
- Den valde representanten som skal ivareta barn og unge sine interesser
- Kommunen sine 2 sakshandsamarar for plan og byggjesak
- Kartansvarleg har vorte drege inn etter behov

Både private og offentleg kjente lag og organisasjonar har vore referansegrupper til arbeidet.

Samtidig med vedtak om oppstart av planarbeidet den 15. mars 2010, og planprogram sendt på høyring, vart planarbeidet kunngjort og det vart invitert til bygdemøte i alle fem skulekrinsar. Bygdemøta vart halde i tida 15. april til 6. mai 2010 med svært godt frammøte.

I løpet av høyringstida og utover hausten hadde kommunen fått meir enn 300 nye areal å arbeida med. Særleg mange bygdelag hadde gjort eit godt arbeid i samarbeid med grunneigarar, for å få fram udekte behov.

Alle nye areal vart strukturer, vurdert og grovsilt av plansjefen. Deretter gjekk den administrative arbeidsgruppa gjennom kvart areal og gjorde si tilråding til den politiske arbeidsgruppa. I denne prosessen var målet å vega samfunnsmessige tilhøve og behov opp mot kjente faglege sektorinteresser.

Den politiske arbeidsgruppa gjekk også gjennom alle areal, det var synfaringar, møte med grunneigarar og representantar for bygdelag, og tal areal vart etter mange møter silt ned til 134.

Første fase av ei konsekvensutgreiing (KU) var gjennomført av konsulentfirmaet Akvator AS for 134 areal. Desse areala vart digitaliserte og samkjørte opp mot databasar for eventuelle konfliktar i forhold til sektorinteressene SEFRAK, verneområde, innmark, kjerneområde landbruk, kulturminne, regionale friluftsinteresser, viltområde, naturtypar, strandsone og skredfare.

Kommunen sitt arbeid så langt vart drøfta med fylkesmannen og fylkeskommunen den 15. februar 2011, og med fylkeskommunen sine etatar den 30. mars 2011. Etter råd frå desse møta, og på grunnlag av fase 1 i KU, vart talet på areal redusert til 70 for vidare vurdering i fase 2 i KU. I denne prosessen vart areal teke vekk, og grenser justert i forhold til konflikt med sektorinteresser.

Der det etter den siste silinga, og etter vidare KU-arbeid framleis var konflikt i forhold til landbruk, vart alle attst  ande areal gjennomg  tt av jordbruksjefen som gav si tilråding til formannskapet som arbeidsgruppe. I m  te den 23. august 2011 tok Formannskapet jordbruksjefen si tilråding til etterretning med reduksjon av tal p   areal og justering av grenser.

Planframlegget inneheld no 67 areal. Etter siste reduksjonar av areal meiner kommunen at dei konfliktar som m  tte vera att, m   vika for samfunnsmessige tilh  ve.

Den politiske arbeidsgruppa har hatt til saman 12 m  te i tida fr   21. september 2010 til 10. august 2011. I same tida har kommuneplan vore tema i dei fleste formannskapsm  ta.

Kommunen tek sikte p   å leggja planframlegget ut til offentleg ettersyn og h  yring i denne kommunestyreperioden. Med vedtak i formannskapet den 20. september og i kommunestyre den 27. september d.  .

Meir om denne prosessen under kapitel 4.1.

## 2 Planføresetnader

### 2.1 Kommuneplan for Tysnes 2003 - 2015

Samfunnssdelen til gjeldande kommuneplan har bl.a. følgjande hovudmål som er relevant for denne rulleringa:

- Tysnes skal vera ein attraktiv kommune å bu i.
- Kommunen skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å leggja til rette for utvikling av arbeidsplassar, bustadtilbod, kulturtildel, gode offentlege tenester og kommunikasjonar.
- Tettstadane Onarheim, Lunde, Våge og Uggdal skal utviklast vidare.
- Det skal kunna tillataast spreidd bustadbygging i alle bygder.
- Kommunen skal leggja til rette for fritidsbåtar. Som hovudregel i båthamner.
- Bygging av naust skal avgrensast til eksisterande naust- og sjøhusmiljø.

### 2.2 Overordna rammer og føringar for planarbeidet

I planprogrammet vart det lista opp nasjonale, regionale og kommunale rammer og føringar som skulle leggjast til grunn for planarbeidet. Denne opplisting var basert på at samfunnssdelen også skulle vera tema i rulleringa av kommuneplanen. Under arbeidet med planprogrammet vart det slik at samfunnssdelen gjekk ut som tema, og planarbeidet har vore konsentrert om arealdelen.

Dei formelle rammer og føringar som har vore relevant for arealdelen har heile tida vore føresetnadane i prosessen med planarbeidet. I tillegg har kommunen drege inn nye dokument som har kome til undervegs. Dette gjeld særleg;

- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen av 25.03.11, og
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av 24.06.11.

### 2.3 Utviklingstrekk og utbyggingsmønster

Viser til folketalsprognose i kommuneplanen sin samfunnsdel frå 2004. Denne prognosene er vidareført i skulebruksplanen for Tysnes.

Etter ein stor nedgang i folketalet i 50- og 60-åra, har folketalet vore relativt stabilt dei siste 40 åra. Nedgangen snudde tidleg på 70-talet og har sidan då variert frå i underkant av 2700 til ein topp i underkant av 3000 innbyggjarar. Dei siste åra kring 2800 innbyggjarar.

I Reksteren krins er innbyggjartalet nesten halvert dei siste 30-40 åra. Også Onarheim har hatt ein nedgang, medan Lunde, Tysnes og Uggdal krins har hatt vekst, med Tysnes som den største.

Tysnes har ein desentralisert næringsstruktur og eit utbyggingsmønster med mange bygder og mindre grender. Busettinga har frå tidlegare vore knytt til primærnæringa og er såleis jamt fordelt i dei ulike krinsar og bygder. Fritidsbustader er i stor grad spreidd kring i bygdene, men dei siste 10 - 20 åra har det vorte meir konsentrert i nokre regulerte hyttefelt. Mange tidlegare bustadhus vert nytta som fritidshus.

Tysnes har i alle år hatt ein politikk der ein ynskjer utvikling i alle krinsar og bygder. I praksis har dette medført at kommunen til ei kvar tid skulle ha ledige regulerte bustadtomter i krinsane Tysnes, Uggdal, Onarheim og Lunde. Ut over det ynskjer kommunen at det også skal haldast liv i alle bygder ved å tillata bustadbygging, så sant tomta ikkje kjem i konflikt med andre interesser.

I kommuneplanen av 2004 fekk kommunen godkjent 8 mindre område for spreidd bustadbygging i LNF. Dette slo ikkje an. Områda vart for små, og dekka ikkje det behovet som dukka opp. Til dette skal seiast at behovet er lite i tal på bustader, men det kan vera svært viktig for at livet i den bygda det gjeld skal leva.

## 2.4 Kommunikasjonar og endring av utbyggingsmønster

Tysnes har over tid hatt ferjesamband frå Våge mot Os i nord, frå Hodnanes til Stord i sør og bru over Lukksund i aust. I 2003 vart det godkjent ein kommunedelplan for kyststamveg over Tysnes med bru til Hodnanes i sør, og med ferje frå Andlavåg i nord. Inga av desse tiltaka har beviseleg endra utbyggingsmønsteret i kommunen i plansamanhang.

I desse dagar føregår det omkamp i forhold til kyststamveg, der alternative trasèar er over Reksteren og på austsida av Tysnes.

Så lenge trasèaval no er uavklara legg ikkje kommunen opp til nokon endring av utbyggingsmønsteret i kommunen. Heller ikkje i forhold til å satsa på regulerte bustadomter i tettstadane Våge, Uggdal, Lunde og Onarheim. Den einaste endringa vert at kommunen i plansamanhang vil leggja opp til at det skal verta enklare å byggja i alle dei mindre bygdene.

## 2.5 Kjerneområde landbruk

Fylkesmannen har utarbeidt temakart for kjerneområde landbruk basert på tilgjengelege databasar. Kommunen har ikkje hatt kapasitet til å vurdera temaplanen samla sett. I arbeidet med konsekvensutgreiinga er alle areal vurderte opp mot registrerte kjerneområde landbruk, fulldyrka, overflededyrka og innmarksbeite.

Jordbruksjefen i Tysnes har gått gjennom og vurdert alle konfliktar i forhold til landbruk. Etter denne prosessen er arealgrenser justert og fleire areal er teke ut av planframlegget. Dei areal som i planframlegget framleis inneheld deler av kjerneområde landbruk, vil i kommunen sitt vidare arbeid med temaplanen verta teke ut som kjerneområde. Jordbruksjefen har vore med i silingsprosessar for alle areal i planframlegget, og tilrår omdisponering frå LNF til dei ulike byggjeformål.

Parallelt med kommuneplanarbeidet har kommunen starta ein gjennomgang av arealressurskart for landbruket. I samband med dette vil kjerneområde landbruk verta gjennomgått, basert bl.a. på dei landbruksfaglege vurderingar som er gjort for alle areal i kommuneplanprosessen.

Meir om dette tema i kap. 5.2.

## 2.6 Barn og unge

Oppvekststata og skulestrukturen vart teken ut av kommuneplanprosessen, men temaet fylgde kommuneplanprosessen i planprogramfasen, i 5 bygdemøter, i skulen, lag og organisasjonar sine innspeil til planarbeidet. Parallelt med kommuneplanprosessen er det utarbeidt ein skulebruksplan som temaplan. Kommunen sin valde representant i planarbeid og skulane sine representantar for barn, deltok i den prosessen.

I kommunen sin tverrfaglege gjennomgang og siling av alle areal har kommunen sin valde representant for barn og unge, i tillegg til konsulent for friluft og anna kultur, delteke for å ivareta deira sine interesser.

Etter kommunen sitt syn er barn og unge sine interesser ivareteke for dei tema og nye formål denne planen har teke opp.

Meir om dette tema i kap. 5.7.

## 2.7 Akvakultur

Kommunen har fått innspeil på at akvakultur- og fleirbruksområde bør vera slik den er i gjeldande plan. Kommunen har ikkje vurdert endring, men vil ta dette opp ved neste revisjon av arealdelen.

## 2.8 Strandsone

### 2.8.1 Utfordringar i strandsoneforvaltninga

På Tysnesøya ligg mykje av eksisterande busetnad og næringstiltak i strandsona. Slik har det vore i lange tider, og slik ønskjer kommunen at det framleis skal vera. Strandsona er eit viktig aktivum, og bidreg til å gjera kommunen attraktiv for fast busetnad og fritidsbusetnad. Utfordringar knytt til bruk og vern av strandsona som årment gode er kjente, og ofte vanskelege å balansera. Ny planlov og statlege retningslinjer set strenge krav til berekraftig forvaltning av strandsona, samstundes som retningslinene opnar for differensiert forvaltning mellom kommunar og regionar, og internt i kommunane.

Det er tydeleggjort i planprogrammet at tiltak i strandsona knytt til småbåthamner, båtplassar og naust er eit viktig rulleringstema. Det er ei målsetnad for kommunen at fastbuande skal ha slik tilkomst til sjø og strandsona. Det er i planprosessen arbeidd mykje med denne tematikken, for å finna gode fellesløysingar og lokalitetar for dei aktuelle tiltaka.

Planprogrammet definerer tre hovudområde innan strandsone:

1. Småbåthamner og badeplassar i alle bygder
2. Etablering av småbåthamn og båtplassar i samband med nye bustadområde
3. Fortetting av naust i noverande naustområde

### 2.8.2 Statlege planretningslinjer (2011)

Planretningslinene tydeleggjer Nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen innafor rammene av planlova. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering slik at byggjeforbodet vert praktisert strengast i sentrale område der presset på areala er stort. For Tysnes og Sunnhordland sitt vedkomande har ein blitt plassert i "sone 3 - område med mindre press på areala". For denne sona gjeld det at ein, "etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold" (sitat frå kap. 7.2 i retningslinene), kan opne for noko utbygging i 100-metersbeltet. Kartlegging av funksjonell strandsone er ein viktig del av det lokale vurderingsgrunnlaget. Det er likevel presisert i retningslinene at opning for tiltak ikkje gjeld generelt for *fritidsbustader*. Fritidsbustader skal ikkje ligge i strandsona, og særleg ikkje i/nær sentrumsområde/tettbygde område.

Dei statlege retningslinene for sone 3 opnar for å tillate oppføring av naust og bryggjer. Dette er m.a. tiltak som ifølgje retningslinene aukar høvet for fritidsfiske. Men dette omsynet må likevel vegast opp mot omsyn til dei allmenne interessene. Miljøverndepartementet har gjennom vedtak av reguleringsplan for Melingsvågen, Austevoll, sagt at naustområde gir "gode høve for eigarane av naust og bryggjer til å drive fritidsfiske frå eiga brygge eller frå båt. Men utbygginga vil innebere ei privatisering av strandsona på linje med den eksisterande utbygginga i Melingsvågen. Departementet ber difor om at utbygginga vert lagt opp slik at allmenta vert sikra tilgjenge til strandsona i planområdet, mellom anna for å kunne drive fritidsfiske frå land eller brygge. Departementet er samd i at reguleringsplanen vil gi redusert tilgang til strandsonen for allmenta. Samstundes vil planen legge til rette for sjøretta aktivitetar på ein positiv måte, og areala utanom nausta er regulerte til friluftsområde med allmenn tilgang."

### 2.8.3 Kartlegging av strandsona

Tysnes kommune har i denne planrulleringa ikkje hatt tilstrekkeleg kapasitet og ressursar til å kartleggja heile strandsona i kommunen. Kommunen deltek aktivt i eit interkommunalt samarbeidsprosjekt om strandsona i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Dette arbeidet har levert ein forstudie som fokuserer på metode knytt til kartlegging av funksjonell strandsone (2010). Forstudiet legg grunnlag for utarbeiding av ein interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland, som er eit pilotprosjekt støtta av Miljøverndepartementet. Tysnes kommune ser difor moglegheit for vidare arbeid med strandsona i kommunen gjennom dette samarbeidsprosjektet.

Funksjonell strandsone er i Fylkesplan 2005-2008 definert som “*Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.*” Funksjonell strandsone er kartlagt for eit lengre strekk i Tysnes-bygda. Dette arbeidet er implementert i kommuneplanen, som grunnlag for fastsetjing av ny byggjegrense og som korrektiv i konsekvensutgreingar for arealinnspel.

#### 2.8.4 Fastsetjing av nye byggjegrenser i strandsona

Ny Plan- og bygningslov gjeldande frå 1.juli 2009 skjerpar byggjeforbodet i strandsona. I den nye lovforesegsna (§1-8) går det fram at byggjeforbodet gjeld ”*så langt ikke annen byggjegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan*”. Utbygging i strandsona skal såleis som hovudregel vere i samsvar med overordna plan og ta omsyn til landskap, natur og friluftsliv.

Føresegna gjer det klart at det i kommuneplanen sin arealdel må vera fastsett ei byggjegrense i områder der det skal tillatast utbygging dersom byggjeforbodet i § 1-8 skal opphevast. Etter at overgangsperioden på fire år frå 1. juli 2009 er utgått, gjeld forbodet også driftsbygningar i primærnæringa.

Kartlegging av den funksjonelle strandsonakan nyttast som bakgrunnsinformasjon for å setja ei juridisk bindande byggjegrense mot sjø. Dette er i planframlegget gjennomført for kartlagt område i Tysnesbygda.

Område som er avsett til bygggeområde i kommuneplanen, regulerte eller uregulerte, har ofte ikkje fastsett byggjegrense mot sjø. I slike område kan ei kartlegging av strandsoneverdiane vera viktig informasjon for å sikra ein miljørevisjon av planane. Det vil i enkelte område likevel vera naudsynt å setje ei anna byggjegrense enn den funksjonelle strandsona, for slik å leggje til rette for at eksisterande eigedomar kan vidareutviklast innanfor fastsette rammer. Nye tiltak skal som hovudregel plasserast vekk frå sjø. Denne tilnærminga gjer det mogleg å leggje til rette for nye tiltak der dette etter nærmere vurderingar ikkje forringar strandsoneverdiane i området, samstundes gir det kommunen muligkeit til å avgrensa og sikra restar av friområde og viktige ferdelskorridorar i strandsona.

Byggjegrensa er i planframlegget lagt som prinsipp to meter ut frå fasadeliv der eigedomane er bebygde. Bruk av prinsipp i slik samanheng kan føra til at enkelte eigedomar etter nærmere skjønn og detaljhandsaming bør få gjennomføra tiltak på disposisjon der dette er naturleg ut frå eigedomsgrenser og eksisterande situasjon. Bakgrunnen for dette er at det er vanskeleg å sakshandsama alle eigedomar på kommuneplannivå.

Føremålsgrensa for eksisterande eigedomar går ofte nærmare strandlinia enn der det er naturleg å setja ei ny byggjegrense. At føremålsgrensa ikkje med naudsyn er lagt lik byggjegrensa på bebygde eigedomar, er i tillegg gjort ut frå følgjande omsyn:

- vedtak om eigedomsgrenser ved frådelingar vert gjort i føremålsgrenser
- tomtestorlek er avgjerande for utrekning av % BYA/BRA, og ikkje definert byggjesone
- byggjegrensa er grense for tiltak etter PBL m/tilhøyrande forskrifter. Men innanfor definert *føremålsgrense* kan ein t.d. anlegga plen og blomeanlegg, m.v. som ikkje inneber store terrenngrep.

I planframlegget er det vurdert ny byggjegrense for følgjande område:

1. Område som er kartlagt med funksjonell strandsone gjennom forstudie for differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland. Området dekkjer både uregulerte og regulerte bustadområde.
2. Regulerte bustadområde
3. Regulerte næringsområde

Tabellen nedafor gir eit oversyn over dei kartlagte områda, med ei kort skildring av vurderingane som ligg til grunn for fastsetjinga av byggjegrensa.

Planid	Plannamn	Byggegrense, vurdering og fastsetting
1973-01	Vågemarka, gnr. 94 (1972)	Det er fastsatt byggegrense mot sjø i planen. Byggegrensa skal framleis gjelde.
2009-04	Peralio, del av gnr. 90, Vee	<p>Det er ikkje fastsatt byggegrense mot sjø i planen.</p> <p>Planen er eintydig i høve til byggegrense mot sjø for bustadføremål og offentleg bebyggelse, då areal mot sjø er avsett til park og badeplass. Byggegrense mot sjø følgjer føremålsgrunne for bustadføremål og offentleg bebyggelse (I1).</p> <p>Planen er ikkje eintydig i høve til byggegrense mot sjø for allmennytting føremål (naust/klubbhus, A1). Ny byggegrense er to meter frå fasadeliv på eksisterande bygg på gnr/bnr. 90/45.</p> <p>Byggegrense mot sjø for naust er eintydig og følgjer føremålsgrunne. Byggegrense for naust er ikkje synt i plankart.</p>
1977-02	Lundehagen I bustad	Det er fastsatt byggegrense mot sjø i planen. Byggegrensa skal framleis gjelde.
1986-01	Lundehagen II bustad/industri	<p>Det er ikkje fastsatt byggegrense mot sjø i planen.</p> <p>For dei fleste bustadtomtene er planen eintydig i høve til byggegrense mot sjø, då veg, friområde eller naustføremål avgrensar bustadføremålet mot sjø. For bustadføremål utan eintydig avgrensning er byggegrense sett to meter frå fasadeliv på eksisterande bygg for gnr. 113/ 50, 52 og 113, samt på grunn av at bustaden ligg i kystlinja i fasadeliv på bustad på gnr. 113/29. Byggegrense mot sjø for naust og næringsføremål følgjer føremålsgrunne. Byggegrense for naust er ikkje synt i plankart.</p>
2006-05	Lundavågen	<p>Det er ikkje fastsatt byggegrense mot sjø i planen.</p> <p>Planen er eintydig i høve til byggegrense mot sjø for bustadføremål, då areal mot sjø er avsett til friluftsområde. Byggegrense mot sjø følgjer føremålsgrunne for bustadføremål. Byggegrense mot sjø for naust er eintydig og følgjer føremålsgrunne. Byggegrense for naust er ikkje synt i plankart.</p>
2006-04	Galanten	<p>Det er ikkje fastsett byggegrense mot sjø i planen. Planen er eintydig i høve til byggegrense mot sjø for kombinert føremål bustad/forretning/kontor, då areal mot sjø er avsett til friluftsområde. Byggegrense mot sjø følgjer føremålsgrunne for kombinert føremål. Byggegrense mot sjø for naust og næringsføremål</p>

		følgjer føremålsgrense. Byggegrense for naust er ikke synt i plankart.
2010-01	Lunde Øvre, Kattaneset. Gnr. 114 bnr. 1 mfl	Det er fastsatt byggegrense mot sjø i planen. Byggegrensa skal framleis gjelda.
1979-01	Bustadfelt Onarheim	Det er ikke fastsett byggegrense mot sjø i planen. Planen er eintydig i høve til byggegrense mot sjø for bustadføremål, då reguleringsplanen er trekt opp frå kystlinja og at for deler av strekken er friområde lokalisiert nærmast sjø. Byggegrense for bustad følgjer føremålsgrense.
1982-01	Nedre Uggdalseidet, gnr. 66 (Hening - Reguleringsendring 1995.)	Det er ikke fastsett byggegrense mot sjø i planen. Planen er ikke eintydig i høve til byggegrense mot sjø for bustadføremål eller fritidsføremål.  For bustad- og fritidsføremål utan eintydig avgrensing er byggegrense sett to meter frå fasadeliv på eksisterande bygg for gnr. 66/20, 58, 61-72 og 96.  Byggegrense mot sjø for industriføremål følgjer føremålsgrense (gnr. 66/55).  Byggegrense mot sjø for naust og småbåthamn følgjer føremålsgrense. Byggegrense for naust er ikke synt i plankart.
1995-02	Sauebakkane, bustadfelt	Det er ikke fastsett byggegrense mot sjø i planen. Planen er eintydig i høve til byggegrense mot sjø for bustadføremål, då reguleringsplanen er trekt opp frå kystlinja. Byggegrense for bustad følgjer føremålsgrense.
2003-02	Næringsområde Nedrevåge, gnr. 137 bnr. 8	Det er ikke fastsett byggegrense mot sjø i planen. Planen legg til rette for industri og kontor/industri. Byggegrense mot sjø for industri og kontor/industri følgjer føremålsgrense.  Byggegrense mot sjø for kai følgjer føremålsgrense. Byggegrense for kai er ikke synt i plankart.
1998-01	Alsaker Brygge	Det er ikke fastsett byggegrense mot sjø i planen. Planen legg til rette for næringsverksem (kontor, industri, lager) og naust. Byggegrense mot sjø for næringsføremål følgjer føremålsgrense. Byggegrense mot sjø for naust følgjer føremålsgrense. Byggegrense for naust er ikke synt i plankart.
2003-03	Alsaker Fjordbruk, gnr. 152 bnr. 99	Det er fastsatt byggegrense mot sjø i planen. Byggegrensa skal framleis gjelda.
1976-01	Langeland, Elsåkervågen	Det er ikke fastsett byggegrense mot sjø i planen. Planen legg til rette for næringsverksem og naust. Byggegrense mot sjø for industriføremål følgjer føremålsgrense. Byggegrense mot sjø for naust følgjer føremålsgrense.

2008-01	Godøysund Fjordhotell, 2007	<p>Planen legg til rette for bustad, fritid, hotell/bevertning og fritid/hotell.</p> <p>Det er ikke fastsett byggegrense mot sjø i planen.</p> <p>Byggegrense mot sjø for føremål hotell/bevertning følgjer føremålsgrunnen.</p> <p>Planen er eintydig i høve til byggegrense mot sjø for areala til fritid, bustad og fritid/hotell, då areal mot sjø er avsett til friluftsområde.</p> <p>Byggegrense er sett i føremålsgrunnen.</p>
---------	-----------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### 3 Omtale av noverande og nye areal


#### 3.1 Bustadområde

Som før nemnt har folketalet dei siste 40 åra vore stabilt. Alderssamansetjinga i Tysnes er slik at for å halda eit stabilt folketal må kommunen ha ei netto tilflytting på +10 pr. år. I Tysnes har det med stabilt folketal vore bygt 13 bustadhus pr. år i snitt fram til 2002. Etter den tid er det i snitt bygt 16,4 bustadhus pr. år. Dette talet er noko større enn det SSB opererer med, men etter kommunen si meining er denne skilnaden på grunn av mykje eldre bustadmasse i kommunen, og for tida eit større krav til betre bustadkvalitet. Kommunen meiner denne trenden vil halda fram i neste planperiode.

Alderssamansetjinga er om lag den same i dag som i kommuneplanen av 2004. Også i denne planen legg kommunen opp til ein vekst på ca. 0,35%, som utgjer ei netto innflytting på +20. Ut frå denne veksten vert det i planen lagt opp til areal for 30 nye bustadhus pr. år. Dette utgjer 360 nye bustadhus i planperioden på 12 år. I tabellane som viser under er det lagt opp til areal for til saman 369 bustader. Av desse er 147 bustader i nye areal.

Kommunen vil i planperioden halda fram med tilrettelagte bustadområder etter tur og behov i skulekrinsane Tysnes, Lunde, Uggdal og Onarheim. I tillegg til i plansamanheng å gjera det lettare å byggja i LNF i alle bygder.

Før det vert godkjent frådelt tomter spreidd i LNF, skal det vera godkjent ein konfliktfri situasjonsplan som viser alle tomtene.



##### 3.1.1 Reksteren krins

På Reksteren har det vore bygt 1-2 bustadhus pr. år. Dei aller fleste gjennom dispensasjonar. I gjeldande kommuneplan vart det lagt opp til 2 område spreidd i LNF. Dette har ikkje dei behov Reksteren treng.

Dei som kjem tilbake og vil byggja på Reksteren vil byggja i den bygda dei har tilknyting til. I denne rulleringa ynskjer kommunen å leggja til rette for det ved å avgrensa eit område for heile Reksteren

med eit mindre tal bustadeiningar bygt spreidd i LNF. Vilkår for denne bygginga er at det skal byggjast der det er gardar og mindre husklyngjer frå før. Det skal også vera ein føresetnad at plasseringa ikkje skal koma i konflikt med andre miljø og samfunnsinteresser.

Kommunen ynskjer å halda på dei 2 spreidde områder som er delvis utbygt i gjeldande plan. I tillegg leggja inn fortetting med 2 bustader på Øvre Haukafer. På Åsvågeset er det lagt inn eit nytt kombinert fritids- og bustadområde, der det også i reguleringsplanen skal leggja til rette for nokre naust og båtplassar knytt opp mot dei som skal byggja i det regulerte feltet.

Tabellane viser areal for ca. 19 nye bustadhus i planperioden.

<b>Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Ubygde bustadtomter, spreidd i LNF.</b>			
Nr.	Stad	Areal da. Totalt	Tal bustader
	Gjøvåg	67,3	8
	Skår og Bruntveit	52,3	5 = 13
<b>Nye areal i plan 2010-2022. Fortetting med spreidde bustader i LNF.</b>			
R-01	Øvre Haukafer	54,7	2
R-09	Heile Reksteren	10355 (redusert)	5
<b>Nytt bustadområde med krav om reguleringsplan</b>			
R-02	Åsvågeset	23,7 (teke ut)	12 = 19
<b>Samla areal og tal tomter disponibelt for planperioden</b>			<b>32. Redusert til 20.</b>

*Motsegn fra fylkesmannen til R-02 og R-09. R-02 er teke ut av planen, og areal for R-09 er redusert.*

### 3.1.2 Uggdal krins

Uggdal skulekrins er slått saman av 6 tidlegare grunn- og skulekrinsar, og er den krinsen med mange bygder og mest spreidd busetnad i mindre bygder. I tettstaden Uggdal er det mest fritt for salgbare regulerte tomter. I prosessen har kommunen vurdert fleire nye område for bustadbygging, men er komme fram til at ein framleis skal satsa på dei 2 område som ligg i planen frå tidlegare, det vil sei fortetting på To og nytt område i Myklestadskogen, som kom inn i kommuneplanen i 2004.

Kommunen har lagt inn 5 nye område for spreidd bustadbygging i LNF. Med unntak av område U-06, Hovdenes Vest, gjeld alle fortetting av noverande busetnad. Plassering av bygga skal styrast utan konflikt gjennom føresegnene. Ved avgrensing av desse områda har kommunen lagt vekt på at dei ikkje skal koma i konflikt med sektorinteresser, eller i forhold til ROS.

Tabellane viser areal for ca. 29 nye bustadhus i planperioden.

<b>Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Ubygde regulerte tomter pr. august 2011.</b>			
Nr.	Stad	Areal da	Tal tomter
	Jensvoll II	Ca. 4	3
	Sauabakkane	Ca. 1	1
<b>Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Uregulert, krav om reguleringsplan.</b>			
	Myklestadskogen	88,8	Ca. 30
	To. Fortetting	50,2	8
<b>Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Ubygde bustadtomter, spreidd i LNF.</b>			
	Drange	33,1	8
	Beltestad	241,6	4
	Tveit. Flatråker.	7,7	2 = 56

Nye areal i plan 2010-2022. Fortetting med spreidde bustader i LNF.			
U-01	Jensvoll	15	5
U-02	Hålandsneset	1422	10
U-03	Flatråker	72	5
U-05	Kongsvik-Nese	162	5
U-06	Hovdenes vest	10,6	4 = 29
<b>Samla areal og tal tomter disponibelt for planperioden</b>			<b>85</b>

*Motsegn frå fylkesmannen for U-02 og U-05. Motsegna er oppheva ved at arealet er redusert.*

### 3.1.3 Onarheim krins

Onarheim er saman med Uggdal den største krinsen i areal, og har tidlegare vore 3 skulekrinsar. Etter ei tid med få selde kommunale tomter, er det ein optimisme å spora i og med det er selde 5-6 tomter dei siste 2 åra. Tettstaden Onarheim har for tida inga tilrettelagte salgbare tomter. Kommunen har 5 regulerte tomter i ein 30 år gammal plan, men det er tvilsamt om desse let seg realisera.

No er industriområde i Nedrevåge ferdig tilrettelagt, og det vil gje mange framtidige arbeidsplassar.

Reguleringsplan for Onarheim sentrum er starta opp for å få på plass infrastrukturen og sentrumsfunksjonar i Onarheim. Utvikling av Onarheim vert eit satsingsområde i tida som kjem, basert på ein vekst utvikla av industriområde i Nedrevåge.

For tida er det 2 reguleringsplanar under arbeid. "Alsaker brygge sør" er ein privat reguleringsplan der det i planarbeidet så langt er lagt opp til 20 husvære med konsentrert utbygging. Reguleringsplan for Onarheim sentrum er under arbeid med konsekvensutgreiing. Denne planen inneheld 6 bustader i rekkefølge. I tillegg har kommunen som mål og strategi å ha ferdig tilrettelagte bustadtomter i tettstaden Onarheim. Til dette er det lagt inn eit nytt bustadfelt nord for noverande som er utbygt på Hagareset (Onarheim II).

På Årbakka vart det regulert eit bustadfelt for 7-8 år sidan. Dette vart raskt fylt opp, og det er i denne planen lagt opp til ei utviding av dette inn i Myklebusthagen.

Tabellane under viser areal for 45 nye bustader i planperioden.

Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Ubygde regulerte tomter pr. august 2011.			
Nr.	Stad	Areal	Tal tomter
	Onarheim II	1	1 (ikkje salgbar)
	Onarheim III	8 (30 år reg.plan)	5
Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Reguleringsplan under arbeid.			
	Alsaker brygge sør	10,5 inkl. næring	20 (konsentrert)= 26
Nye areal i plan 2010-2022. Nye bustadområde med krav om reguleringsplan			
O-01	Nord Hagareset	25,2	18
O-02	Myklebusthagen	20,2	8
	Onarheim sentrum	Plan under arbeid.	KU i reg. plan.
Nye areal i plan 2010-2022. Fortetting med spreidde bustader i LNF.			
O-03	Sletteskog-Flakka	205,3	4
O-04	Skorpetveit	314,5	3
O-05	Storevågen	53,6	4
O-06	Myklebust	5,3	3

0-07	Hovland	312,8	5	= 45
<b>Samla areal og tal tomter disponibelt for planperioden</b>			<b>71</b>	

**Fylkeskonservatoren hadde motsegn til Onarheim sentrum. Denne er oppheva ved at arealet har fått omsynsone og vilkår i føresegnerne.**

### 3.1.4 Tysnes krins

Tysnes er den krinsen med tettast busetnad. Tysnesbygda er også den krinsen som har hatt størst vekst og som det har vore satsa mest på i denne planperioden. Det vert lagt til rette for at den trenden skal halda fram. I 2008 vart det utarbeidt ein stadianalyse for Våge. Denne skulle fylgjast opp med ein reguleringsplan for Våge sentrum. Det vart gjort vedtak om oppstart, men etter råd frå fylkesmannen vart denne prosessen utsett inntil rullering av arealdelen av kommuneplanen var på plass. Dette på grunn av at innanfor plangrensene var det relativt store areal som ikkje var vurdert i kommuneplansamanhang. Dei vurderingar som vart gjort i stadianalysen er likevel lagt til grunn ved sentrumsvurderinga i Tysnesbygda.

Nye sentrumsområde i planframlegget, som i stadianalysen var lagt inn som ymse bustadformål er; T-01 Våge-Landevegen, og T-02, Sveågen - Kyrkja. Det siste med kombinerte byggjeformål der endeleg formål skal avklarast i reguleringsplanprosessen.

I Tysnes er det nyleg tilrettelagt for 29 bustadomter i siste byggjetrinn i Vågsmarka. Av desse er alt 7 selt.

I Peralio vart det i 2009 regulert for 18 omsorgshusvære, konsentrert med fellesfunksjonar. Pr. dags dato har dette private prosjektet stoppa opp og det spørs kor realistisk det er at desse kan reknast som disponible i planperioden.

Reguleringsplan for "Kroken" er under arbeid. Det vert i denne planlagt for firemannsbustader med inntil 40 bustadeiningar. I tabell under er det rekna med 30 eininger.

Utover dei områda som er nemnt kan reguleringsplan for Våge sentrum løysa ut fleire bustadeiningar, men det vert ikkje det store talet.

I tillegg til regulerte bustader i sentrumsområde er det lagt inn eit bustadområde på Gjerstad ned mot Gjersvik. Sjølv om Tysnesbygda er mest konsentrert i busetnad er det også her garder og bygder der kommunen ynskjer å leggja til rette for fortetting.

Området Vee-Teigland har lege inne som noverande bustadområde sidan 1984 utan at ein samla har fått gjennomført reguleringsplan for heile området. Mot Teigland er plangrensene justert for å få med heile området som er under regulerering. Resten av området Vee-Teigland er no endra til fortetting med inntil 10 bustader.

Tabellane viser areal for 31 nye bustader.

Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Ubygde regulererte tomter pr. august 2011.			
Nr.	Stad	Areal. da.	Tal tomter
	Vågsmarka	27,4	22
	Peralio		18 (konsentrert)
Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Uregulert, krav om reguleringsplan.			
	Kroken	19,4	30 Plan under arbeid
	Vågsneset	Fortetting. Sentrum.	Plan under arbeid
Areal som ligg i arealdelen godkjent i 2004. Ubygde bustadomter, spreidd i LNF.			
	Tysnes	55,6	2
	Vee-Teigland. Endra frå krav om reguleringsplan til fortetting		10. Plan funksjonell strandsone. = 72

<b>Nye areal i plan 2010-2022. Nye bustadområde med krav om reguleringsplan</b>			
T-01	Våge-Landevegen	50,3	15
T-02	Svevågen mot kyrkja	Sentrumsplan.	Kombinert formål-
T-11	Teigland	9,6	Plan under arbeid.
T-12	Gjerstad-Gjersvika	56,6	12
<b>Nye areal i plan 2010-2022. Fortetting med spreidde bustader i LNF.</b>			
T-04	Seeberg I	9,6	2
T-05	Seeberg II	26,1	2 = 31
<b>Samla areal og tal tomter disponibelt for planperioden.</b>			<b>103. Redusert til 87.</b>

*Motsegn fra fylkesmannen for T-04, T-05 og T-12. Alle 3 arealet er teke ut av planen. Motsegn fra fylkeskommunen for T-02 er trekt ved at det er lagt inn omsynssoner i forhold til 2 kulturminne.*

### 3.1.5 Lunde krins

I Lunde inneholder gjeldende kommuneplan ubyggt areal for ca. 56 bustader. På Kattaland er det reguleringsplan for 22 bustadtomter. 12 av desse er tilrettelagt av kommunen, medan 10 er i privat eige og ikke tilrettelagt for bygging. Pr. dags dato har kommunen selt 3 tomter og har berre 9 igjen som er tilrettelagt og disponibelt av kommunen for sal.

På Malkenes vart det i gjeldande plan frå 2004 lagt inn eit bustadområde som kan gje plass til 25 tomter. Kommunen har vurdert å ta dette ut av planen, men har komme fram til at det skal gå vidare som reserve i denne rulleringa. Fortetting i Solsvika vert prioritert på Malkenes.

Kommunen har ikke i denne planprosessen lagt inn nye kommunale bustadområde, men har heller satsa på fortetting med til saman 17 bustadtomter spreidd i LNF i 3 noverande bustadområde. (L-02, L-03, og L-04). I tillegg er noverande spreidd bustadområde i LNF i Humlevik grensejustert og auka med ei tomt.

Tabellane viser areal for 17 nye bustader i Lunde.

<b>Ubygde regulerte bustadomter pr. august 2011.</b>			
Nr.	Stad	Areal da.	Tal tomter
	Kattaland. Ny tilrettelagt.	43,8	19
	Mellom Lundehagen I og II		5 Situasjonsplan.
<b>Tidlegare avsett bustadområde, uregulert, men med krav om reguleringsplan.</b>			
	Malkenes	81,3	Ca.25
<b>Tidlegare avsett bustadareal, spreidd i LNF. Fortetting av noverande bustadområde.</b>			
	Økland	18,1	3
L-01	Humlevik. Skal justera grenser og auka med 1 tomt.	30,1	3 = 55
<b>Fortetting av noverande bustadområde. Spreidde bustader i LNF.</b>			
L-02	Bakka	32,7	5
L-03	Malkenes, Solsvika	50,7	8
L-04	Kattanes	8,2	3
L-01	Humlevik	+2,3+10,5	1 = 17
<b>Samla areal og tal tomter disponibelt for heile planperioden.</b>			<b>72</b>

*Motsegn frå fylkesmannen for L-02 er trekt ved at dyrka mark er teke ut av område.*

### 3.1.6 Areal til disposisjon for ca. samla tal bustader/husvære i planperioden.

Krins.	Noverande plan	Nye areal	Totalt
Reksteren	13	19	32
Uggdal	56	29	85
Onarheim	26	46	71
Tysnes	72	31	103
Lunde	55	17	72
<b>Totalt</b>	<b>222</b>	<b>142</b>	<b>364</b>

*Etter planvedtaket i kommunestyre er tal nye bustadomter redusert med 28.*

## 3.2 Næringsområde

Nye næringsområde er ikkje det viktigaste tema i denne rulleringa, men det er lagt opp til ein gjennomgang i denne rulleringa. Kommunen vil i planperioden fortløpende vurdera ein aktiv rolle med tilrettelegging og opparbeiding av næringsareal.

Kystsona og energiproduksjon som småkraftverk og tidevasskraft var ikkje eige satsingsområde, men det ville verta vurdert dersom det kom innspel. Det kom ikkje endringsframlegg om kystsona, og småkraftverk i arealplanen vart lagt til side etter drøfting med fylkesmannen i møte 15. februar 2011.

### 3.2.1 Areal som ikkje er utbygt

Industriområde i Nedrevåge er ferdig tilrettelagt og i eige av Alsakerkonsernet. Kommunen venter seg ei utbygging i denne kommuneplanperioden og at heile området vert disponert av eigaren.

Industriområde "Alsaker brygge sør" kom inn i kommuneplanen i 2004. Denne planen er under regulering, og også her vert heile arealet disponert av Alsakerkonsernet.

Næringsområde på Malkenes er utbygt med ein liten del. I samband med planprosessen i denne rulleringa er det teke initiativ til å starta eit tomteselskap som skal få fart på ei utbygging her.

Næringsområde på Reiso er delvis utbygt. Det vart utvida i 2004-planen knytt opp mot då nyleg vedteken kommunedelplan for kyststamveg over Tysnes. No er det omkamp for kyststamvegen, men så lenge denne kommunedelplanen ikkje er oppheva vert arealet liggjande inne. Vert kommunedelplanen oppheva vil arealet vert vesentleg redusert.

Næringsområde Espvik var knytt opp mot skjelloppdrett. Dette er ikkje aktuelt lenger, og arealet vert dermed teke ut av planen.

### 3.2.2 Nye areal i planframlegget

T-10. Næringsområde, Dalland vert det einaste nye som vert lagt inn i planen utan at det er disponert på førehånd. Arealet ligg lagleg til på aksen mellom dei to største tettstadane i Tysnes. Fleire næringsdrivande i kommunen har komme med innspel på denne arealbruken på Dalland.

Nr	Krins	Stad	Areal i da	Merknad
<b>Industri, næringsareal</b>				
R- 06	Reksteren.	Skår/Bruntveit	1,2	Utviding setjefiskanlegg.
T- 10	Tysnes	Dalland	62,3	Framtidig på aksen Våge-Uggdal.

Attåtnæring landbruk. Skal ikkje delast frå gardsbruket				
T-09	Tysnes	Teigland	7,4 da	Steinknuseverk.
O- 17	Onarheim	Årbakkasanden	1,4da	Utvida grenser sagbruk/næring.
O- 18	Onarheim	Laukhammar	2,6 på land. 2,1 på sjø.	Sjøtilknyta næring. Endra reguleringsplan.
Ikkje KU	Onarheim	Tveitaneset	1,6	Lager. Vedproduksjon. Stadbunden næring.
U- 04	Uggdal	Flatråker	3	Campingplass. Bubilar.
R- 08	Reksteren	Gjøvåg/Kaldefoss	3,8	Campingplass. Bubilar.

### 3.3 Offentlege område. Privat tenesteyting

Som tabell viser er det i planframlegget lagt inn 3 nye areal som i planperioden er godkjent via dispensasjon.

#### 3.3.1 Nye areal i planframlegget

**U-14, Omsorgssenter på Myklestad.** Tysnes kommune har vedteke å byggja nytt omsorgssenter nord for sjukeheimen. Arealalet er gjort noko større enn ein har bruk for i første omgang. Dette for framtidige offentlege behov, kombinert med næringsformål i sentrumsområde i Uggdal. Fylkesvegen deler noverande areal for sjukeheimen og nytt areal for omsorgssenter. Derfor er det lagt inn ein framtidig vegomlegging mellom fylkesveg 79 og 49. Fylkeskommunen har i møte 30. mars 2011 bede om at avmerka kulturminne og gamle bygg innanfor grensene vert lagt inn som omsynssone for ei nærmare avklaring under arbeid med reguleringsplan.

**U-15, Kloakkrenseanlegg på Eide.** Slamavskiljar for heile tettstaden Uggdal har over tid hatt driftsvanskar. Det er lagt inn 2 nye alternative plasseringar for framtidig nytt reinseanlegg.

**U-17, Miljøstasjon i Eredalen.** Etter nye krav til sortering og mottak av restavfall treng Sunnhordland interkommunale miljøverk meir areal. Dette er lagt nord for noverande miljøstasjon, og vil også frigjera meir areal til drift av kommunen sin utesasjon.

Nr.	Krins.	Stad.	Areal i da.	Merknad.
<b>Areal godkjent som dispensasjon etter 2004-planen.</b>				
	Tysnes	Vågmarka		Høgdebasseng - vassverk.
	Tysnes	Klokkgarden		Kloakkrenseanlegg.
	Uggdal	Reiso		Kunstgrasbane. Friområde.
<b>Nye areal</b>				
	Onarheim	Onarheim kyrkje		Utviding kyrkjegard. KU i reg.plan.
U-14	Uggdal	Myklestad	40	Omsorgssenter/næringsformål.
U-15	Uggdal	Eide	0,7 + 0,8	Renseanlegg kloakk.
U-17	Uggdal	Eredalen	8	Utviding. Miljøstasjon. SIM

*Motsegner til U-14 er trekt grunna innlagt omsynssoner i forhold til kulturminner. Motsegner til U-14 og U-17 er trekt etter justering av ROS-analyse.*

### 3.4 Område for fritidsbustader

Tysnes er ein utprega hyttekommune med fleire fritidshus enn bustadhus. Fleire område for fritidshus har ikkje vore satsingsområde i denne rulleringa. Dette kjem av bl. a. ledig kapasitet i regulerte hytteområde. Kommunen har i prosessen vorte oppfordra til å vurdera å oppheva gamle reguleringsplanar som ikkje er gjennomført, og område som tidlegare er avsett, men ikkje er regulert. Dette har vore gjort, men alle aktuelle område er delvis tilrettelagt og utbygt, og kommunen kan ikkje sjå at nokon kan opphevast.

Av uregulerte hytteområde i gjeldande kommuneplan, Grøteide og fortetting på Kaldefoss, er desse vurdert til å framleis liggja inne i planen.

#### 3.4.1 Nye areal i planframlegget

L-13, Myrdal, gjeld fortetting og justering av grenser i eit noverande hyttefelt. Situasjonen er oversiktleg og plassering seier seg sjølv. Dei 3 hyttetomtene kan bebyggjast på vanlege vilkår utan plankrav. Frå tidlegare er det 9 frådelte hyttetomter.

O-12, Elsåkerneset. Dette er eit område med ei blanding av bustader, hytter og naust som treng ei opprydding via reguleringsplan. Det er også viktig å få samla dei mange båtrettane i området i ei småbåthamn.


Nr.	Krins.	Stad.	Areal i da.	Merknad.
<b>Tidlegare avsett, uregulert, krav om reguleringsplan</b>				
	Tysnes	Grøteide	85,4	Justert grenser.
	Reksteren	Kaldefoss	384,3	Fortetting
<b>Justerer arealgrenser utan plankrav</b>				
L-13	Lunde	Myrdal	+ 2,5	Fortetting, 3 nye hyttetomter.
<b>Nytt område med krav om reguleringsplan</b>				
O-12	Onarheim	Elsåkerneset	36,8	Fortetting m/båtplassar og naust. Opprydding i gammaltbygt område.

### 3.5 Småbåthamner

I tillegg til å skaffa attraktive bustadomter i kommunen, er tilgang på båtplassar i småbåthamner det viktigaste satsingsområdet i denne rulleringa. Kommunen har erfart at mangel på båtplassar har hatt ein direkte samanheng med press på strandsona for enkelttiltak i ubygde område. Kommunen vil minska dette presset ved å leggja til rette for båtplassar til alle som ynskjer det. Kommunen vil også knyta bustadomter opp mot båtplassar som eit middel for å dra folk til kommunen.

Det er organiserte båtlag i tettstadane Våge, Uggdal, Lunde, Onarheim, og på Flatråker. Alle med lange ventelister.

I Våge har båtplassar vore tema i kommuneplansamanheng så lenge generalplan og kommuneplan har eksistert, utan at ein har funne plassar som samfunnet har akseptert. I denne rulleringa er kvar meter av strandsona i Tysnesbygda saumfart. Kommunen enda også no i denne prosessen på at småbåthamn i Gjersvika er den beste plasseringa. Dette sett i forhold til både miljøkonsekvensar og samfunnsmessige tilhøve. I møte med fylkesmannen den 15. februar 2011 vart temaet drøfta med alternativ for Gjeslingane i Vee, Våge sentrum, i Gjersvik, og langs Tysneslandet på nordsida av Gjersvikvågen. Kommunen fekk i møte positive signal på at no måtte ein få aksept på Gjersvika.



Kommentar til figur: Småbåthamner i figur er henta frå framlegg til plankart. Dette fører til at ikkje alle småbåthamner er vist i temakartet, m.a. småbåthamner i detaljplanar. I tillegg er nokre småbåthamner vist som framtidige også ei stadfesting av eksisterande bruk, jf KU-vedlegg.

### 3.5.1 Nye småbåthamner og utviding av neverande

På Reksteren vert nye båtplassar framfor naust i neverande naustområde. Reguleringsplan for hytteområde på Gjelland og i Hopsund inneheld båtplassar til bruk innanfor planområde.

Behov for båtplassar kan synast stort. Men me må då ha med oss at i kommunen er det mange fritidsbustader på øyer og nes utan vegtilknyting.

**Fylkesmannen hadde motsegn til T-03, L-06, U-09 og U16. L-06 er teke ut av planen. Dei 3 andre er motsegna trekt etter dialogmøter.**


Nr.	Krins.	Stad.	Areal.	Båtplassar i dag	Behov for nye	Merknad.
T -03	Tysnes	Gjersvika. Gjerstad		0	100	Framlegg til reguleringsplan
O-09	Onarheim	Teigasundet	4,1	45	26	Utviding og justering av grenser
O-13	Onarheim.	Tveitaneset	5,3	36	25	Utviding med molo
L-05	Lunde	Lunde kai	2,6	56	0	Neverande. Ikkje plass til fleire.
L-06	Lunde	Hetledalen	2,5	0	48	M/parkering og veg
L-07	Lunde	Solsvika	5,7	0	48	M/parkering
L-10	Lunde	Gripnesvågen	8,6	24	12	Neverande. Høyrer til reguleringsplan.

U-07	Uggdal	Eidaneset	5,8	72	32	Utviding. Knytt mot regulerte bustader.
U-08	Uggdal	Flatråker	2,3	0	34	Flytta i forhold til tidlegare plan
U-09	Uggdal	Uggdalsstø	5,3	0	50	Ny småbåthamn i Uggdal
U-16	Uggdal	Kongsvikvågen	8	0	16	Dekkjer Kongsvik og Nese

### 3.6 Naustområde

I Tysnes er det frå gammalt av mange naustområde som ligg der det frå naturen si side låg til rette for det. Etter kvart har bruken endra, seg frå enkle naust med liten robåt til fiske for eige formål, til større båtar og fritidsbruk med behov for mindre bryggjer. I dei mange naustområda ligg det mange utskilte tomter, dei fleste ved tidlegare jordskifte. For å minska presset på nye areal ynskjer kommunen, i tillegg til småbåthamner, å fortettsa naustområde og at dei som har naustrettar kan få seg ei brygge og ein båtplass.

Kommunen har fått svært mange innspel på dette formålet. Etter mange planprosessar har kommunen silt vekk dei fleste nye område, og dei områda som etter kommunen si meining har størst konflikt i forhold til miljø- og samfunnsmessige interesser.



*Kommentar til figur: Naustføremål i figur er henta frå framlegg til plankart. Dette fører til at ikkje alle naustføremåla er vist i temakartet, m.a. naustområde i detaljplanar. LNF-spreidd naust kan innehalde både stadfesting av eksisterande bruk i tillegg til fortetting med nye naust og båtplassar.*

### 3.6.1 Fortetting i neverande naustområde, med båtplassar

Tettstadene og dei største bygdene har organisert seg med småbåthamner og fellesanlegg. I dei mindre bygdelaga har kommunen lagt opp til fortetting i neverande naustområde og at behov for båtplassar kan leggjast framfor naust. I tre av naustområda kjem det ikkje fleire naust.

*Fylkesmannen hadde motsegn til U-10, O-16, T-08 og L-08. Motsegn for U-10, O-16 og T-08 er trekt etter dialogmøter med fylkesmannen. L-08 er teke ut av planen. Krav om reguleringsplan for O-10.*

Nr.	Krins.	Stad.	Areal i da.	Merknad.
R-03	Reksteren	Ervika	1,4	Inga nye naust. Slip. 8 båtplassar.
R-04	Reksteren	Haukafervågen	8,9	Inntil 3 naust. 30 metersmåbåthamn for bygda
R-05	Reksteren	Skår/Bruntveit	2,5	Inntil 3 naust, bryggje, 6 båtplassar
R-07	Reksteren	Eldholmsvågen	7,4	Inntil 3 naust med båtplassar
U-10	Uggdal	Søreidsvågen	4,6	Inntil 7 naust m/båtplassar. Utskilte ved jordskifte.
U-11	Uggdal	Færavåg	0,6	Inga nye naust, men 8 båtplassar
U-12	Uggdal	Landrøyvågen	13	Inntil 3 naust og 8 båtplassar
U-13	Uggdal	Drangsvågen	3,5	Inntil 3 naust og veg fra parkering
U-18	Uggdal	Vollavik-Heie	4,3	Inntil 3 naust, småbåtanlegg
O-08	Onarheim	Hardingesjøen	4	Inga naust. Molo, flytebryggje
O-10	Onarheim	Teigasundet	5,3	Inntil 3 naust med båtplassar
O-15	Onarheim	Skato	1	Inntil 3 naust med båtplassar
O-16	Onarheim	Hetlelidsjøen	21,7	Inntil 5 naust med båtplassar
T-07	Tysnes	Seeberg. Gjersvik	3,1	Inntil 3 naust med båtplassar
T-08	Tysnes	Skipavik	2,6	Inntil 3 naust med båtplassar
L-08	Lunde	Synningsneset	8,5	Inntil 5 naust med båtplassar
L-09	Lunde	Solsvika	3	1 nytt naust. Båtplassar for 6 naust

### 3.6.2 Nye naustområde med båtplassar. Krav om reguleringsplan.

R-02 Åsvågneset. Dette området er knytt opp mot kombinert bustad- og hytteområde. Kommunen støttar opp om ein grunneigar og utbyggjar som med dette vil satsa på å halda liv i Reksteren.

O-11, Teigasundet. Området ligg inntil og nord for neverande naustområde i Teigasundet. Området er ei smal stripe mellom fylkesveg og sjøen som i dag er utilgjengeleg og kan ikkje brukast til anna formål enn naust og båtplassar. Kommunen meiner at naust i rekkje ikkje vil øydeleggja landskapsmessige kvalitetar.

*R-02 og O-14 har motsegn frå fylkesmannen og er teke ut av planen.*

Nr.	Krins.	Stad.	Areal i da.	Merknad.
R-02	Reksteren	Åsvågneset	Ca.2	Inntil 5 naust og 20 båtplassar.
O-11	Onarheim	Teigasundet	7,4	Nytt regulert naustområde.
O-14	Onarheim	Tveitaneset	2,1	Flytta ubyggt naustområde

### 3.7 Nye vegtrasèar

I planframlegget er det lagt inn fire vegtrasèar som har samanheng med fylkesvegar. Det er ikkje gjort vurderingar saman med vegstyremakta, derfor vert tre av dei lagt inn som ”ikkje juridisk bindande”. Den fjerde skal vurderast vidare i reguleringsplan for omsorgssenter m.m. i Uggdal, tiltak U-14.

**U-14, Omsorgssenter i Uggdal.** Utviding av sjukeheimen til nytt omsorgssenter har vore gjennom ein lang prosess. Ei av utfordringane har vore kryssing av fylkesveg 79. No har kommunen vedteke at det skal byggjast nytt omsorgssenter på den andre sida av fylkesvegen i forhold til sjukeheimen. Omlegging av fylkesveg 79 i ny trasè for å koma inn på fylkesveg 49 vert ein del av reguleringsplanprosessen.

**Fylkesveg 49. Ny veg i Holmalio.** Det må byggjast ny veg gjennom Holmalio. Dei to siste vintrane har vist at vegen ikkje er farbar ved det minste snøfall. Det er i planframlegget lagt inn ein ny korridor med lengde ca. 1 km.

**Fylkesveg 49. Gangveg mellom Våge og Uggdal (Windsorkrysse-Reiso).** Gangveg mellom Våge og Uggdal har i ulike samanhengar vore tema. Også i denne prosessen har det komme innspel. Gangveg er lagt inn på den sida av vegen det er busetnad. Utover det er det ikkje gjort andre trafikkale vurderingar.

**Fylkesveg Våge-Teigland.** Det vart for ca. 15 år sidan bygt ein enkel gangveg langs fylkesvegen frå Våge til Vee. I denne planen er gangvegen lagt inn vidare til endepunkt av fylkesveg på Teigland.

### 3.8 Nye areal i planen - totalt omfang

Det har vore mange silingsprosessar. Kommunen starta med om lag 300 nye areal. Konsekvensutgreiinga starta med 134 areal. I vedlagt rapport for konsekvensutgreiing og ROS-analyse er 70 areal vurdert. I denne siste prosessen er 67 areal tilrådd som nye areal i kommuneplanen. Areala L-11, L-12, og T-06 er ikkje tilrådd og ligg ikkje inne i ny plan.

***Etter motseigner er tal areal redusert med 7: 2 bustadarealfor regulering, 2 areal med fortetting. 1 småbåthamn, 1 nytt naustområde, og 1 naustområde med fortetting.***

Formål	Reksteren	Uggdal	Onarheim	Tysnes	Lunde	Totalt
Bustad. Reg.plan.	1	0	2	4	0	7
Fortetting bustad,	2	5	5	2	4	18
Næring. Industri.	1	0	0	1	0	2
Næring. Landbruk	1	1	2	1	0	5
Offentleg/næringsf.	0	3	0	0	0	3
Fritidsbustader	0	0	1	0	1	2
Småbåthamner	0	4	2	1	4	11
Eks. naustområde m/småbåtanlegg	4	5	4	2	2	17
Nye naustområde	0	0	2	0	0	2
<b>Totalt</b>	<b>9</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	<b>11</b>	<b>11</b>	<b>67 (60)</b>

## 4 Metode

### 4.1 Metode for konsekvensutgreiing

I medhald av ny forskrift for konsekvensutgreiingar vert det stilt krav om at verknadene av planforslaget skal skildrast og vurderast.

Det er gjennomført konsekvensutgreiingar for dei delane av planframlegget som fastset rammer for framtidig utvikling, og som inneber endringar i arealdelen i høve til gjeldande kommuneplan. Nasjonale, regionale og lokale målsetnader og retningsliner er handsama der dette er høveleg i konsekvensutgreiinga. I samband med detaljplanlegging vil slike tilhøve verta gjenstand for ny og grundigare vurdering.

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. Kommunen har hatt opne møte i samband med oppstart av planen, samt dialog med bygdelag/tiltakshavarar i løpet av prosessen. Ulike problemstillingar og planmetodikk er diskutert i samråd med statleg mynde.

Basert på vedteke planprogram er konsekvensar for ulike deltema analysert og vurdert. Det er trekt fram positive og negative element for dei ulike deltema. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktigkeit og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Tema som har vore gjenstand for analyse er naturmangfold, landskap, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, landbruk, strandsone, samfunn og infrastruktur og barn og unge.

For kvart tema er det vurdert moglege avbøtande tiltak eller retningsliner/føringer for å redusera dei negative konsekvensane. I den vidare planlegginga av området er det møgleg å kompensera for ein rekke av dei negative konsekvensane gjennom ulike tiltak.

Innspelsområdet/arealet utgjer område som vert direkte påverka ved gjennomføring av det planlagde tiltaket, medan influensområdet også gjeld tilstøytande område der innspelet kan tenkast å ha effekt. Innspelsområdet omfattar sjølve arealet for innspelet, medan influensområdet omfattar ei sone ut frå sjølve innspelsområdet.

Det er nytta ein 5-delt skala for fastsettjing av konsekvens;

Stor negativ - negativ - ingen - positiv - stor positiv (-2 til +2).

Konsekvensutgreiinga er gjennomført på to ulike nivå.

- Det er for dei ulike tema vurdert i kva grad planframlegget totalt sett gir positive eller negative konsekvensar på eit overordna nivå. Samla konsekvensar for overordna tema som til dømes folkehelse, friluftsliv, landbruk, naturmangfold etc vert vurdert for planframlegget i sin heilskap.
- For konkrete endringar i arealdelen i planframlegget er dei ulike tiltaka nummerert og konsekvensutgreidd i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar. KU for nye arealinnspel ligg som vedlegg til planen.

#### 4.1.1 Handsaming av innspel i planprosess

Til planprosessen har det kome inn om lag 300 innspel som vedkjem endra arealbruk. Desse har blitt systematiserte etter krinsar. Dei innspela som no er tekne med i framlegg til kommuneplan for Tysnes, har vore gjennom tre "vurderingsrundar".

##### Handsaming av innspel:

Handsaming av om lag 300 innspel på endra arealbruk har vore gjort som ein "utsilingsprosess" i fleire steg:

- 1- På bakgrunn av planprogram
- 2- På bakgrunn av KU fase 1
- 3- På bakgrunn av KU fase 2

## **1. Utsiling på bakgrunn av planprogram:**

Ein har gått gjennom innspela og vurdert dei opp mot det vedtekne *planprogrammet* for planprosessen. Her vart det definert kva som skulle ha hovudfokus i planarbeidet, og det vart også sagt noko om kva ein *ikkje* skulle handsame i denne planrevisjonen. På bakgrunn av planprogrammet og kjente konfliktpotensiale vart om lag 166 innspel på nye areal avslått gjennom prosessvedtak i Styringsgruppa.

## **2. Utsiling på bakgrunn av KU fase 1:**

Attverande 134 areal vart digitalisert og lagt inn i kartbase. Desse vart kryss-sjekka opp mot kjente databasar som Naturtypar, Viltområde, Verna vassdrag, Kjerneområde landbruk, Regionale friluftsområde, Friområde i kommuneplan, Friluftsområde i kommuneplan, Kulturminne, SEFRAK-bygg, Innmark, RAS - steinsprang, RAS - snøskred og 100-metersbeltet langs sjø. Gjennom prosessvedtak vart dei innspela med størst konfliktpotensiale avslått, eller tilpassa/avgrensa i samsvar med interessekonfliktar.

Etter denne runden stod ein att med 70 innspel som har blitt konsekvensutgreidd i KU-fase 2.

## **3. KU fase 2:**

Alle attverande innspel har blitt grundig utgreidd. Det vert her vist til eigen rapport i vedlegg. Det er også utført ROS-analyse på alle innspel. Prosessvedtak i Styringsgruppa har avgjort kva som er vektlagt i tilråding og om innspela er tekne inn i revidert planframlegg til kommuneplan for Tysnes.

Det kan synast som om alle nye område som vert tilrådd har få eller små negative konsekvensar for dei ulike sektorinteressene. Dette skuldast den aktive bruken av konsekvensutgreiing undervegs i silingsprosessen, der innspel med store negative konsekvensar er avslått eller avgrensa for å ivareta sektorinteressene.

Det vert lagt til rette for 67 nye område i planframlegget. KU fase 2 er samla i ein eigen rapport som ligg som vedlegg til planframlegget.

## **4.2 Metode for risiko og sårbarheitsanalysar (ROS)**

I samband med rullering av kommuneplanar er det i plan- og bygningslova eit krav om å gjennomføra ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse), for ny arealbruk. Det er ei kommunal oppgåve å syta for at risiko- og sårbarheitsanalysar vert gjennomført. ROS-analysen er utført i samsvar med "Veileder for kommunal risiko- og sårbarhetsanalyser" utgitt av Direktoratet for sivilt beredskap (2010).

Plan- og bygningslova § 3-1 syner til at planlegginga skal;

*"Fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv."*

<b>ROS-analyse:</b>	Ei systematisk framgangsmåte for å skildre og/eller kvantifisere uønska hendingar. ROS-analysen vert utført ved kartlegging av uønska hendingar og årsaker til desse hendingane. I analysen vert sårbarhet kopla mot risiko.
<b>Risikovurdering:</b>	Ei vurdering av sannsyn for og konsekvens av ei uønska hending.  Risiko = Sannsyn + konsekvens
<b>Sannsyn:</b>	Vurdering av frekvens/sjansane for og kor ofte ei hending vil førekomma.
<b>Konsekvens:</b>	Mogleg verknad/resultat av ei hending.

Ut frå ei vurdering i høve til sannsyn og konsekvens vil analysen syne om det ligg føre akseptable eller uakseptable konsekvensar av det nye føremålet med omsyn til liv og helse, miljø og økonomiske tilhøve, samt samfunnsviktige funksjonar. Det vil vera viktig å finne moglege tiltak for å redusera risiko og sårbarhet for område med uakseptabel risiko. Slike tiltak kan vera både førebyggjande og skadereduserande. I plankartet vil område med potensiale for risiko synast med omsynssone.

Tysnes kommune har vedteke akseptkriterium i kommunestyrevedtak PS 14/11. Vedteke metode og akseptkriterium vert nytta som grunnlag til kommuneplanen. Akseptkriterium for risiko gir uttrykk for det risikonivået (farenivået), som ein vedtek er akseptabelt i ein gitt periode. Akseptkriteria utgjer ein referanse ved vurdering av val av løysningar og trong for risikoreduserande tiltak. (Jf. risikomatrise nedanfor).

Ved tilrettelegging av nye arealføremål i kommuneplanen sin arealdel, skal desse vurderast med omsyn til det konkrete tiltaket og tiltaket si lokalisering. Summen av nye tiltak kan til saman utgjera større risiko for kommunen sitt overordna risikobilde, slik at vurderingar også må gjerast for totaliteten av planframlegget. ROS-analysen vert difor gjennomført på to ulike nivå. For begge nivåa er det nytta sjekklistar for å fanga opp flest moglege hendingar og situasjonar.

- Alle moment vert vurdert og kommentert knytt til totaliteten av planen. Som utgangspunkt og grunnlag for den generelle ROS-analysen er "Analyse av risiko- og sårbare tilhøve, Tysnes kommune" frå 2008 nytta.
- ROS-analysen for nye areal er inkludert i konsekvensvurderinga for arealet. Det er gjennomført eit grundig forarbeid med utgangspunkt i ei sjekkliste. I sjølve ROS-analysen vert berre hendingar/situasjonar med reell fare nemnt, medan hendingar/situasjonar som ikkje har relevans ikkje vert kommentert. Forarbeidet ligg som grunnlag for denne vurderinga.

**FMHO hadde motsegn til ROS-analysen ved 1. gangshøyring (akseptkriterium vedteke politisk PS 14/11). Metode og oppsett er revidert i høve til lovverk (TEK10) og i dialog med beredskapseininga hos Fylkesmannen i Hordaland. Metode og oppsett er endra til følgjande:**

Riskomatrisa har tre soner; grøn, gul og raud. Matrisa er inndelt i 4 matriser for kvart tema (liv og helse, miljø, økonomi og samfunnsviktige funksjonar). Sannsyn og konsekvens er inndelt i 5x5 og inndelinga med koding finn ein igjen i tabellar under.

		HELSE OG LIV					MILJØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
	3	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Som akseptkriterium har ein lagt til grunn:

Uakseptabel risiko	Tiltak skal settast i verk for å redusera risikoen. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det skal gjennomførast ytterlegare undersøkingar/utgreilingar for å belysa risikoen (ROS-analyse).
Middels risiko	Risiko bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko. Gjennomføring av tiltak skal vurderast i høve til kost - nytte. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Kommunen kan, basert på tiltaket sitt innhald, utforming og lokalisering, i byggesak krevje ROS-analyse.
Akseptabel risiko	Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det bør i kvar enkelt byggesak vurderast om det må gjennomførast førebyggjande tiltak.

Inndeling av sannsyn

	Sannsyn	Frekvens
1	<b>Mykje sannsynleg</b>	Meir enn ei hending kvart 20. år
2	<b>Sannsynleg</b>	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år
3	<b>Noko sannsynleg</b>	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år
4	<b>Lite sannsynleg</b>	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år
5	<b>Usannsynleg</b>	Mindre enn ei hending kvart 5000. år

Inndeling av konsekvens

	Konsekvens	Liv og helse (L)
1	<b>Ufarleg/ubetydeleg</b>	Ingen eller små personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming. Fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding.
2	<b>Ein viss fare</b>	Inntil 5 alvorlege person- skadar eller mange små personskadar. Fråvær som krev sjukemelding.
3	<b>Alvorleg/farleg</b>	Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil tre dødsfall
4	<b>Kritisk</b>	Inntil 25 alvorleg skadde personar eller inntil ti dødsfall
5	<b>Katastrofal</b>	Fleire enn 25 alvorleg skadde personar eller fleire enn ti dødsfall
	Konsekvens	Materielle verdiar/økonomi (Ø)
1	<b>Ufarleg/ubetydeleg</b>	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 1 mill. kr.
2	<b>Ein viss fare</b>	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 1- 10. mill. kr
3	<b>Alvorleg/farleg</b>	Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, mellom 10 mill. - 90 mill. kr
4	<b>Kritisk</b>	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, mellom 90 mill. - 300 mill. kr
5	<b>Katastrofal</b>	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 300 mill. kr
	Konsekvens	Ytre miljø (luft, vatn og grunn) (M)
1	<b>Ufarleg/ubetydeleg</b>	Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbetra av naturen sjølv etter kort tid
2	<b>Ein viss fare</b>	Miljøskadar, kort restitusjonstid
3	<b>Alvorleg/farleg</b>	Miljøskadar, < 1 års restitusjon
4	<b>Kritisk</b>	Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon
5	<b>Katastrofal</b>	Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade
	Konsekvens	Samfunnviktige funksjonar (S)
1	<b>Ufarleg/ubetydeleg</b>	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Ikkje trong for reservesystem
2	<b>Ein viss fare</b>	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Dersom det ikkje finst reservesystem/alternativ kan det ha konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi.
3	<b>Alvorleg/farleg</b>	Driftsstans inntil 1 veke.
4	<b>Kritisk</b>	Systemet vert sett ut av drift i fleire veker og månader.
5	<b>Katastrofal</b>	Hovud- og avhengige system vert sett permanent ut av drift.

#### 4.3 Produksjon av plankart

I samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel etter ny plan- og bygningslov (PBL) må det gjennomførast eit omfattande og krevjande arbeid med produksjon av plankart. Mykje av dette arbeidet ber enno preg av nybrottsarbeid knytt til innføring av nye føringer, arealføremål og teiknereglar etter den nye plan- og bygningslova.

Det er krav om at plankartet skal føreliggja i SOSI-format etter gjeldande standard, til 1. gongs handsaming. Produksjon av plankart etter denne standarden er ekstra ressurskrevjande denne første rulleringa etter ny PBL grunna fleire tilhøve:

1. Omriss av gjeldande reguleringsplanar skal visa i kommuneplankartet som omsynssone. Dei fleste av desse reguleringsplanane er av eldre årgang i NGO koordinatar, og ikkje av ein slik digital kvalitet at dei kan implementerast direkte. Under desse omsynssonene har ein to val for korleis plankartet skal framstilla. Ein kan leggja inn berre omriss av reguleringsplan med kvit (ikkje føremål) farge under, eller ein kan leggje føremål inn under omsynssona som samsvarer med hovudføremålet i det gjeldande reguleringsplankartet. Sistnemnde som Tysnes kommune har komme til at dei ynskjer, krev ein gjennomgang av kvar reguleringsplan for å finne rett føremål.
2. Gjeldande kommuneplankart er ikkje digitalisert i samsvar med dagens SOSI-standard. Dette har generert ein omfattande gjennomgang av føremålslinjer for å få desse justert opp mot dei digitaliserte reguleringsplangrensene, mot eigedomsgrenser og veglinjer der dette er naudsynt.
3. Det er enno noko usikkerheit knytt til bruken av nye arealføremål/omsynssoner i kommuneplankarta. Når det gjeld føremål i plankartet kan ikkje desse utan vidare overførast til nytt plankart. Det må gjerast ei vurdering av kvart av føremåla i gammal plan, opp mot kva som no kan/skal nyttast. Kommunar som allereie har utarbeidd kommuneplanar etter ny PBL, vil vera med å danna "praksis" for nokre av utfordringane.
4. Byggjegrenser i strandsona. Det følgjer av ny planlov at innanfor bygeområde som ikkje har fastsett byggjegrense mot sjø, må dette fastsetjast i kommuneplan eller reguleringsplan. Dette er eit krevjande arbeid, som er delvis gjennomført i Tysnes kommune, ref kap. 2.7.

Følgjande val/intensjonar ligg til grunn for plankartet:

- I tillegg til det ordinære plankartet er det skilt ut eige plankart for omsynssoner knytt til ras/skred, kulturmiljø og kraftliner. Dette er utelukkande gjort for å betra lesbarheita til plankartet.
- **Endra: Omsynssone ras. Det er lagt faresone for steinsprang og snøskred for bygeområde og LNF-spreidd område (eksisterande, framtidige og regulerte) som ligg innanfor definert aktsomhetsområde for ras. Føresegner set krav til vurderingar etter TEK.**
- I høve til mindre justeringar i plankartet, som til dømes på eksisterande tiltak som er godkjent med vedtak, er det ikkje gjennomført eiga konsekvensutgreiing.
- Alle areal i eksisterande kommuneplan er synt med status neverande, og alle nye arealflater med status framtidig. Det følgjer av dette at det er areal i plankartet som ligg som eksisterande areal, men som likevel ikkje er utbygd.
- Rune R. Der det er fleire automatisk freda kulturminne i eit avgrensa område, er dette synt med berre ein rune-R for å betra lesbarheita i kartet. Desse kulturminna er uansett sikra gjennom kulturminnelovverket.
- Friområde/friluftsliv. Tysnes kommune har i sin gjeldande kommuneplan ein del areal avsett til friområde og spesialområde friluftsliv. For å vidareføre intensjonane med desse areala har ein valt følgjande: Friområde i gjeldande kommuneplan er avsette til friområde under hovudkategori grønstruktur i planframlegg. Friluftsområde i gjeldande kommuneplan er avsett til LNF-område med omsynssoner etter §11-8c. Lovkommentaren syner til at

friområde under hovudkategori grønstruktur er knytt til område som ligg innanfor eller i tilknyting til by eller tettstad. Areala i Tysnes kommune kjem ikkje innunder denne definisjonen, men ein har likevel valt å bruke denne i mangel på andre eigna føremål. Det er valt å ikkje syne regionale friluftsområde i plankartet med omsynssone friluftsliv. Store deler av Tysnes kommune har friluftsverdiar knytt anten til sjø/strandsone eller fjell. Av omsyn til lesbarheit av kartet, samt avgrensingane sin “unøyaktigheit” er det ikkje ønskeleg å legge desse sonene inn i plankartet. Regionale friluftsområde er likevel teke omsyn til i KU, og synt i eigne temakart.

- Byggjegrense strandsone. Føremålsline for byggjegrense har i gjeldande SOSI-standard lite eigna fleksibilitet i høve til mellom anna målestokk. I kart med liten målestokk vert lina ei tjukk, uleseleg og unøyaktig avgrensing. Fastsetjing av ny byggjegrense for byggeområde i strandsona er ei detaljert planoppgåve som no bør gjennomførast på kommuneplannivå, i dei tilhøva dette ikkje tidlegare er fastsett. SOSI-standarden ivaretak ikkje intensjonane for slik detaljplanlegging, og får mellom anna som konsekvens at plankart må lesast digitalt. Det er difor i planomtalen for tema strandsone lista opp område som er vurdert med ein kommentar til avgrensinga.
- Sjøarealet utanfor LNF-spreidd naustområde er lagt ut som småbåtanlegg i sjø (SOSI-kode 1500). Dette vert ein kombinasjon av spreidd-føremål på land, og byggeføremål i sjø. For småbåtanlegg gjeld plankrav berre dersom det er plankrav for tilstøytande areal på land.

## 5 Overordna konsekvensutgreiing

For å syna den samla konsekvensen for planframlegget med tilrådd ny arealbruk og føresegner er det gjennomført ei overordna vurdering i høve til enkelte deltema. Ein har sett på Tysnes kommune under eitt for tema strandsone, landbruk, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og folkehelse, naturverdiar og biologisk mangfald, landskap og barn og unge. Kvart enkelt nytt areal er ytterlegare konsekvensvurdert i eige vedlegg.

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar.

### 5.1 Strandsone

Det er lagt til rette for 35 nye areal som heilt eller delvis ligg i 100-metersbeltet og i sjø. Av desse er 19 naust/LNF-spreidd naust m/ småbåtanlegg, 11 småbåthamner, 2 bustad, 1 fritidsbustader og 2 næringsretta tiltak.

Dei fleste areala referert til ovanfor er lagt i område med eksisterande bygg og infrastruktur, som ei fortetting eller utviding av eksisterande bruk og situasjon. På denne måten får ein sementert ein eksisterande situasjon i plan, og samstundes lagt til rette for vidare bruk av område som allereie er bebygd. Dette gjeld til dømes for dei fleste naustområda. Dei få areala som ikkje er bebygd frå før med eksisterande bygg eller infrastruktur, er søkt trekt eit stykke frå kystlinja der føremålet opnar for tiltak som ikkje treng å ligge til sjø. I denne vurderinga er kriterium for avgrensing av funksjonell strandsone lagt til grunn.

Naustområda skal vere ålmment tilgjengeleg, og dette prinsippet må vere styrande i arealforvaltinga og byggjesakshandsaminga. I planframlegget har ein søkt å gi klare føringar for kva eit naust er i ein bruksamanheng, samt i høve til byggeskikk og tilgjenge. I prinsippet skal ikkje naust privatisera strandsona.

Det er ei målsetnad for kommunen å kunna tilby båtplassar som ein naturleg del av det å bu på ei øy. Dette er løyst gjennom tilrettelegging av småbåtanlegg utanfor utvalde naustområde, samt småbåthamner for større tiltak. På same måte som for landarealet har dei fleste av områda i sjø ein eksisterande situasjon med brygger og båtplassar. Det er lagt opp til ei fortetting i småbåtanlegg for inntil to båtplassar per naust, der gode fellesskapsløysingar skal søkjast om mogleg. For småbåthamner er det lagt ut 5 heilt nye område, Hetledalen, Solsvika, Uggdalsstøa, Gjerstad og Kongsvikvågen. Dei andre er fortetting/utviding av eksisterande situasjon.

Gjennom vurdering og fastsetting av byggegrense har ein søkt å sikre fornuftig utvikling av eigedomar som i si tid har fått løyve til å etablere seg i strandsona, samstundes som ein sikrar attverande strandsonekvalitetar. Planframlegget har vurdert og sett byggegrense i område som er kartlagt med funksjonell strandsone gjennom forstudie for differensiert strandsoneforvaltning, for alle regulerte bustadområde og alle næringsareal med reguleringsplan. For andre arealføremål er byggegrense ikkje vurdert eller fastsett. Vidare arbeid med strandsona vil kommunen vidareføra gjennom interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland.

#### **Positive konsekvensar:**

- + Planframlegget har vurdert og sett byggegrense for eit utval av byggeområde for å opna for utbygging og naturleg utvikling av eksisterande tomter og bygg
- + Planframlegget set krav om storleik og byggjeskikk for naust og bryggjeanlegg inkl terrengringsgrep
- + Planframlegget set krav om tilgjenge for ålmenta i naustområda
- + Legg til rette for naustbygging og spreidd naustbygging der dette er eldre, opparbeidde rettar og tradisjon
- + Planframlegget opnar for tiltak som fremjar friluftslivet

#### **Negative konsekvensar:**

- Nokre nye bygggeområde og LNF spreidd utbygging ligg i 100-metersbeltet mot sjø
- Det er ikkje kartlagt funksjonell strandsone i heile kommunen
- Det er ikkje sett byggegrense for alle eksisterande byggeområde

#### **Konklusjon:**

Planframlegget har både positive og negative konsekvensar for strandsona. Det er lagt til rette for areal/tiltak i 100-metersbeltet og i sjø tilknytt strandsona, men i mindre skala. Dei fleste areal i 100-metersbeltet er lokalisert i tilknyting til eksisterande bygg og infrastruktur.

Det er sett byggegrense for utvalde område. Det er mange areal som "mangler" byggegrense mot sjø. Føresegner legg strenge føringar for ivaretaking av strandsoneinteresser. Planframlegget er vurdert til å ha mindre negative konsekvensar for strandsona (-1).

## **5.2 Landbruk**

Kommunen har ein landbruksplan frå 2003, der status, mål, strategiar og tiltak er vedteke. I planen er det seks hovudmål for landbruket i Tysnes kommune:

1. Gje prioriterte landbruksareal i kommunen eit sterkare vern for å sikre framtidig drift, matvareproduksjon og beredskap.
2. Landbruksnæringa på Tysnes skal få gode og stabile driftstilhøve.
3. Landbruket på Tysnes skal vera ei vekstnæring som ungdom satsar på - både ved generasjonsskifte og ved nyetablering. Auka verdiskaping står sentralt.
4. Synleggjere at både store og små driftseiningar er viktige for næringa og samfunnet. Små eininger kan også ha viktige produksjonsareal for ulike landbruksprodukt.
5. Sikre busetjing på det enkelte bruk slik at landbrukseigedommar også i framtida skal vera levande búplassar heile året.
6. Landbruket på Tysnes skal med god planlegging og drift sikre viktige miljøkvalitetar som det biologiske mangfaldet, det rike kulturlandskapet, kulturminne og kulturmiljø, viktige naturkvalitetar elles - alt som grunnlag for trivsel og opplevelingar for innbyggjarane i kommunen og for dei tilreisande.

I kommunen var det i 2008 registrert totalt 14 257 daa dyrka mark, fordelt på 7 265 daa fulldyrka, 2329 da overflatedyrka og 4662 da innmarksbeite (Markslagsstatistikk. Skog og landskap, 2008). Samla utgjer dyrka mark om lag 5,5 % av Tysnes kommune.

Det dominerande markslaget i kommunen er skog, som utgjer om lag 67 % av kommunen. Barskog er den vanlegaste skogstypen, og utgjer om lag 70 % av all skogsareal. Om lag 40 % av barskogområda er lokalisert på svært høg bonitet. Potensialet for aktiv skogsdrift er tilstade i kommunen, men generelt vert skogbruket sett på som ei binæring og skogressursane vert hovudsakleg nytta til eiga bruk.

Totalt omdisponerer nye utbyggingsføremål 93,7 daa dyrka mark, fordelt på 56,7 daa fulldyrka, 5,7 daa overflatedyrka og 31,3 daa innmarksbeite.

Planframlegget legg til rette for fleire nye byggeareal som vil føra til ei omdisponering av dyrka mark. For utbyggingsområde vert det viktig at desse areala har ein høg utnyttingsgrad slik at samfunnsnytten av omdisponeringa er høg. Samstundes er det også gjort ei differensiering i høve til

kva type føremål ein legg til rette for på dyrka mark. Tysnes kommune har mellom anna opna for bustadbygging på dyrka mark, men ikkje for fritidsføremål. Opning for spreidd busetjing i alle krinsar legg til rette for å oppretthalda levande bygder og valalternativ med omsyn til bustadplassar. Dette vil også medverke til pleie av kulturlandskapet.

Planframlegget tydeleggjer føringar for lokal forvaltning knytt til landbruksressursar. Det er sett strenge krav til omsyn til og ivaretaking av landbruksinteresser i føreseggnene. For areal som opnar for spreidd utbygging skal det ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller skogsområde av høg bonitet. Dette gjeld også for veggtilkomsten. Dette vil medverke til at det reelle omfanget av omdisponert jordbruksareal er lågare enn nemnt ovanfor.

Planframlegget tek omsyn til potensiale for interessekonfliktar mellom m.a. bustadar eller hytter og aktiv landbruksdrift. Dette omfattar mellom anna lukt- eller støyplagar, trafikk eller andre ulepper for både gardsdrifta og bustadar eller hytter. Føreseggnene stenger for frådelingar eller byggeløyve som vil føra til auka trafikk gjennom gardstun eller som vil føra til ulempa for gardsdrifta eller skiplar kulturlandskapet.

Fylkesmannen i Hordaland har gjennomført ei kartlegging av kjerneområde for landbruk i Tysnes kommune. Desse områda er per dags dato ikkje kvalitetssikra hos kommunen. Jordbruket på Tysnes utgjer i stor grad spreidde og fragmenterte teigar i mange usamanhengande område. Dette vanskeleggjer prosessen med å kartlegge kjerneområde for landbruk etter metodikken i rettleiar til kjerneområde for landbruk frå landbruksdepartementet. Detaljert lokal kjennskap er såleis nødvendig for å avgrense kjerneområde for landbruk. På bakgrunn av dette er ikkje kjerneområde for landbruk lagt inn i plankartet med omsynssone for landbruk. Skog- og jordbruksressursane er likevel ivareteke gjennom grundig vurdering av landbrukssjefen av kvart enkelt areal i høve til jord- og skogbruket.

Dei seks hovudmåla i landbruksplanen frå 2003 er ivareteke gjennom prosess og i planframlegget.

#### Positive konsekvensar:

- + Føresegner legg strenge føringar for jordvern og forvaltninga av landbruksinteresser
- + Få innspel er lagt i område med dyrkbar jord og i kjerneområde for landbruk
- + Dei seks hovudmåla i landbruksplanen er ivareteke
- + Sikre busetjing i dei ulike krinsane
- + Opning for etablering av naudsynste landbrukstiltak i 100-metersbeltet utan dispensasjon i LNF-område

#### Negative konsekvensar:

- Planframlegget medfører omdisponering av 93,7 daa dyrka areal til utbyggingsføremål; i tillegg kjem 478,9 daa til LNF-spreidd utbygging
- Fragmentering av LNF-område
- Opnar for utbygging (spreidd) i og kring kjerneområde landbruk
- Kjerneområde er ikkje kartfesta

#### Konklusjon:

Planframlegget har både positive og negative konsekvensar for landbruk. Det er gjort omdisponeringar av landbruksareal til samfunnsviktige føremål, men i mindre skala. Kjerneområde for landbruk er i hovudsak teke omsyn til gjennom vurderingar av enkeltareal, men ikkje avmerka på plankart. Føresegner legg strenge føringar for ivaretaking av landbruksinteresser. Planframlegget er vurdert til å ha mindre negative konsekvensar for landbruk (-1).

## 5.3 Friluftsliv og folkehelse

Tysnes er rik på natur med kort veg frå sjø til fjell. Ein av berebjelkane i friluftssamanheng er ålmenta sin rett til fri ferdsel. Det er mange område i kommunen som er tilrettelagt for friluftsaktivitetar som til dømes badeplassar, småbåthamner og turstiar.


Naturen og friluftslivet er av stor tyding for fastbuande i Tysnes kommune, samstundes som det også medverkar til å styrke næringslivet gjennom reiseliv og turisme. Tilrettelegging for naturopplevelinger og gode nærmiljø er moment som er vurdert i samband med nye areal i planframlegget.

Folkehelse dreier seg om summen av dei faktorar som påverkar vår helsetilstand. Element som er avgjerande er: bustadtilhøve, økonomisk tryggleik, skule- og arbeidstilhøve, hjelp etter behov, sosial eigarskap til staden, ytre miljø og levevanar. Dette er eit viktig tema som vedkjem alle sektorar i samfunnet. Målsetjinga må vera å:

- Utvikla eit samfunn som legg til rette for positive helseval og sunn livsstil
- Fremja tryggleik og medverknad for den enkelte og gode oppvekstvilkår for born og unge
- Førebyggja sjukdom og skader
- Leggja prinsippa om universell utforming til grunn for utviklinga

Det er i planframlegget ikkje lagt ut nye område til friluftsområde eller friområde. Det har likevel vore nytta som eit vurderingskriterium i konsekvensutgreiinga på innspelsnivå at nye bustadområde vert lagt i område der det i nærmiljøet er god tilgang på areal for aktiv utfalding av leik og friluftsliv. Det er også lagt krav til opparbeiding av grøntareal/leikeareal innanfor nye område.

Store deler av fjellområdet samt store deler av sjøarala kring kommunen har status som regionalt viktige friluftsområde. Grunna storleiken på arealet, har ein valt å ikkje registrere desse områda med omsynssone. Temaet har likevel vore nytta som eit vurderingskriterium i konsekvensutgreiinga på innspelsnivå for å hindre utbygging i viktige friluftsområde som t.d. badeplassar og utfartsområde både til sjøs og til fjells.



Kulturlandskapet er skapt av og er eit spor etter menneskeleg aktivitet. Store deler av Tysnes er kulturlandskap med opne bør, spreidde bustadhus og gardstun, samt steingjerde med meir. For å oppretthalda eit vakkert og skjøtta kulturlandskap er det nødvendig å oppretthalda aktive og levande bygder og bustadplassar. Godt nærmiljø er viktig i høve til trivsel og opplevelingar for fastbuande, men også for tilreisande.

I føresegnene til LNF-område er det lagt til rette for at det kan etablerast enkle tiltak som fremjar friluftslivet. Til fjells gjeld dette tiltak som enkle brukonstruksjonar over bekkefar/elvar, gapahukar

og liknande. Til sjøs gjeld det tilsvarende enkle bryggje-/kaikonstruksjonar og andre tiltak som fremjar friluftslivet og aukar tilgangen til areala for *alle* brukargrupper.

Det er i planframlegget lagt inn eit nytt areal som utvider ridesenteret på Uggdal.

Det er i planframlegget lagt til rette for mange nye mindre småbåtanlegg og større småbåthamner. Dette er eit av satsingsområda ved revidering av kommuneplanen. Tilrettelegging av areal for båtplassar i samanheng med bustad- og hyttefelt er med på å auka attraktiviteten i nærmiljøet. Samstundes som det fremjar friluftsaktivitet til sjøs og i strandsona. Alle nya areal som ligg i strandsona er vurdert med omsyn til konsekvensar for ålmenn tilgjenge.

Mykje av tilrettelegging for friluftsliv skjer likevel som ein tilleggseffekt av andre utbyggingstiltak, som til dømes utbygging av nye vegar/skogsvegar.

For store deler av vegnettet manglar det gang- og sykkelsti, eller anna type felt for myke trafikantar. I planframlegget vert det lagt inn framtidig g/s-veg langs strekka Våge-Teigland og Våge-Uggdal. Dette vil medverke til eit samanhengande nett for myke trafikantar mellom dei to største tettstadene i kommunen.

I føresegne er det til område for bustadutbygging knytt føresegner om at alle nye einebustader som vert bygde i kommunen skal stette krava i TEK10 til universell utforming. Kravet omfattar ikkje ombyggingar/tilbygg til eksisterande einebustader. Kravet gjeld tilkomst, at alle hovudfunksjonar skal samlast på hovudplanet og at alle rom skal ha storleik som sikrar oppfylling av funksjonskrava til universell utforming. Det vil *ikkje* seie at bustaden må *innreiast* som universelt utforma.

Det er i planframlegget lagt inn eitt nytt areal for utbygging av omsorgsbustader/eldrebustader. Dette arealet er lokalisert i Uggdal, og ligg i tilknyting til eksisterande omsorgsbustader og sjukeheim.

#### Positive konsekvensar:

- + Krav til universell utforming og opparbeidning av gode leikeplassar .
- + Sikre busetjing i dei ulike krinsane som medverkar til å halda bygdene og nærmiljøa i "levande". Dette vil også medverke til pleie av kulturlandskapet.
- + Vegtilkomst til nye byggeområde lettar tilkomst til friluftsaktivitetar i utmark
- + Tilrettelegging av felles båtanlegg fremjar friluftsaktivitetar til sjø
- + Føresegne gir ein klar definisjon av naust og at det skal vera mogleg for ålmenta å ferdast fram for eller mellom naust/naustgrupper, samt at det ikkje kan etablerst stengslar i naustområde

#### Negative konsekvensar:

- Auka privatisering av delstrekke i strandsona
- Manglande tilrettelegging av gang- og sykkelvegar

#### Konklusjon:

Planframlegget har i hovudsak positive konsekvensar for friluftsliv og folkehelse. Det er ikkje lagt til rette for tiltak som bygger ned viktige friluftsområde, eller skapar barriereverknader mellom ulike interesseområde. Tilkomst til utmark og sjø er i fleire høve betra. Planframlegget er vurdert til å ha mindre positive konsekvensar for friluftsliv og folkehelse (+1).

## 5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne er ein viktig, ikkje-fornybar ressurs som gir historisk tilbakeblikk og perspektiv på korleis menneska har levd og verka opp gjennom tida. Kulturminne er ein viktig del av vår felles kulturarv, og representerer ei levande historie i våre omgjevnader. Kulturminne kan bli skjemma, eller få redusert verdi dersom framtidig utbygging ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til verna og verneverdige kulturminne.

Tysnes kommune er rik på eldre og nyare kulturminne, noko som vitnar om at det har vore busetnad på Tysnes i lang tid. I Askeladden er det registrert over 130 automatisk freda kulturminne.


Potensialet for funn av uavdekka kulturminne er høgt. Kommunen har ikkje gjennomført nye kartleggingar av kulturminne/kulturmiljø og potensiale for slike i denne planrulleringa.

Konsekvensutgreiinga er basert på tilgjengelege informasjonskjelder som Askeladden, SEFRAK-data, lokal kunnskap og kommunal registrering av verneverdige naustmiljø.

I plankartet er automatisk freda kulturminne registrert med ein rune-R. Planframlegget sett krav til kulturminneundersøkingar ved avdekking av, eller potensiale for funn av automatisk freda kulturminne ved detaljplanlegging eller bygge-/gravearbeid.

Fleire areal ligg i eller i tilknyting til nyare kulturmiljø, som t.d. gardsbruk/tun, naturtypar med kulturlandskapselement og naustmiljø. Verneverdige bygningsmiljø er synt i plankartet med omsynssone "bevaring kulturmiljø". Retningslinjer knytt til denne omsynssona legg føringer for mellom anna tilpassing til eksisterande bygningsmiljø.

I konsekvensutgreiinga av innspel har arealbruken blitt sjekka opp mot kjent kunnskap når det gjeld kulturminne og kulturmiljø. Innspel har blitt avslått og/eller justert på bakgrunn av konflikt med kjente kulturminne. Få nye byggeområde er lagt slik at dei kjem i konflikt med kjente automatisk freda kulturminne, men unntak av eit areal til offentleg føremål i Uggdal (U-14), og to bustadområde i Vågen (T-02 og T-12). Alle desse areala har eit omfang og føremål som krev detaljregulering og vidare handsaming.



Kulturlandskapet er skapt av og er eit spor etter menneskeleg aktivitet, sjå også kap. Friluftsliv og naturmangfold. Store delar av Tysnes ber preg av kulturlandskapet med opne bør, spreidde bustadhús og gardstun, samt steingjerde med meir.

Det er lagt omsynssone "bevaring naturmiljø" for to registrerte naturtypar knytt til kulturlandskap.

#### Positive konsekvensar:

- + Automatisk freda kulturminne er synleggjort gjennom rune R i plankart
- + Verneverdig bygningsmiljø er ivaretaket gjennom omsynssoner og føresegner
- + Føresegner krev at kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak
- + Føresegner legg vekt på at nybygg skal tilpassast eksisterande og tilgrensande bygg. Omsyn til mellom anna kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast

#### Negative konsekvensar:

- Planframlegget legg til rette for 6 nye areal i tilknyting til verneverdig naustmiljø
- Planframlegget legg til rette for tre nye areal i konflikt med automatisk freda kulturminne
- Konsekvensutgreiinga bygger på kjent kunnskap. Eventuelt potensiale for nye funn er ikkje utgreidd.

#### Konklusjon:


Planframlegget har både positive og negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø. Registrerte kulturminne/kulturmiljø er søkt ivaretaket gjennom føresegner og omsynssoner. Planframlegget er vurdert til å ha mindre negative konsekvensar for tre konkrete areal (-1), men inga konsekvens for planframlegget totalt sett (0).

## 5.5 Naturverdiar og biologisk mangfold (Naturmangfold)

Det er eit nasjonalt mål å stogge tapet av biologisk mangfold. Arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 -2007)). Forvaltningsmåla for artar og naturtypar i naturmangfaldlova (§§ 4 og 5) seier at ein skal ta vare på artane på lang sikt i deira naturlege utbreiingsområde.

I naturmangfaldlova (2009) er det lovfesta at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde.


Av kunnskapsgrunnlag har ein, slik planprogrammet definerer det, aktivt nytta rapportane "Viltkartlegging i Tysnes kommune, Hordaland" (NNI-rapport nr. 102. 2003), "Kartlegging av viktige naturtypar i Tysnes kommune"(NNI-rapport 101. 2002) og "Biologisk mangfold i Tysnes kommune. Kvalitetssikring og nykartlegging av naturtypar" (Gaarder,G. og Fjeldstad,H. 2011. Miljøfaglig Utredning Rapport 2011:16. ISBN 978-82-8138-471-2). Desse er innlemma i Naturbasen (Direktoratet for naturforvaltning).



Utvalde naturtypar er ein einsarta type natur som omfattar alt plante- og dyreliv og dei miljøfaktorar som verkar der. For utvalde naturtypar og prioriterte artar vil det av sentrale miljøvernstyresmakter verta utarbeida handlingsplanar.

Elvemusling er den einaste av dei føreslårte prioriterte artane som er registrert i Tysnes. Muslingen vart funnen i 2009, og er etablert i ein liten bekk frå Storavatnet nord på Reksteren. Bekken er kartlagd som naturtype "viktig bekkedrag", og er vurdert som svært viktig i naturtypekartlegginga. Førekomensten av elvemusling ligg i LNF-område. Lokaliteten er markert med omsynssone for å unngå aktivitetar som kan ha ei sterkt negativ påverknad på populasjonen. Døme på slike aktivitetar kan vere nedbygging, vesentleg vassutak og forureining.

Av føreslårte utvalde naturtypar er slåttemark og hole eiketre registrert i Tysnes. Førekomstar av naturtypen slåttemark som er vurdert som "svært viktig" eller "viktig" vert klassifisert som utvald naturtype. Det er registrert to slike lokalitetar i Tysnes, ein på Ånuglo og ein på Kattaneset ved Malkenes. Lokalitetane er markert med omsynssone på plankartet. Det er registrert fleire hole eiketre i Tysnes. Naturtypen er nyleg klassifisert som *utvald naturtype* og registreringane er difor mangelfull. Det er grunn til å tru at det er fleire slike eiketre i kommunen. På bakgrunn av manglande kunnskap og regstringar er det ikkje lagt føringar eller omsynssone for dei registrerte hole eikene på Tysnes. Inga nye areal er i konflikt med dei registrerte gamle eiketrea.




Ein av paragrafane i naturmangfaldlova peiker på at planframlegg skal syne den samla belastninga som økosystem er eller vert utsatt for. I konsekvensutgreiingane på arealnivå er alle areal vurdert opp mot naturtype- og viltrapportane, samt naturbase.no. Dette har mellom anna medført at innspel har blitt avslått eller endra i si arealutforming for at ikkje naturmangfaldet skal bli skadelidande. Det er difor få areal som er i konflikt med registrert naturtypar eller viltområde. Unntaka er ni nye areal (T-08, L-02, L-08, L-10, O-02, O-04, O-07, U-03 og U-13). Alle ni er i konflikt med naturtypar og eitt i konflikt med viltområde. Direkte arealbeslag ved utbygging vil ha negativ påverknad på det lokale mangfaldet uavhengig av om areala er registrert som viktige naturtypar eller viltområde.

I tillegg til å unngå utbygging innanfor område med registrert biologisk mangfald, er det viktig å oppretthalde store samanhengande urørte naturområde. Planframleget medverkar ikkje til oppsplitting av større naturområde og vil heller ikkje ha ein barriereeffekt for sårbare artar. Dei fleste større utbyggingsområda ligg i tilknyting til eksisterande utbygde areal.

Planframlegget har implementert naturmangfaldlova gjennom retningsliner og føresegner:

- Planframlegget stadfestar at det skal leggjast vekt på synleggjering og ivaretaking av naturmangfaldet ved planlegging og utbygging
- Planframlegget krev at område med natur- og kulturverdiar som vert vurdert som verdfulle kulturlandskap skal ivaretakast og forvaltast slik at kvalitetane i landskapet vert styrka
- Planframlegget krev at bygging i LNF-spreidd areal og tiltak i strandsona skal ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø etc..
- All ny arealbruk er sjekka opp mot naturbasen og det vitskapelege kunnskapsgrunnlaget som ligg der, jf. Naturmangfaldlova § 8.



#### Positive konsekvensar:

- + Det er lagt omsynssone "bevaring naturmiljø" for tre registrerte naturtypar eller prioriterte artar
- + Planframlegget implementerer naturmangfaldlova gjennom retningslinjer og føresegner
- + Inga utbygging som splittar større samanhengande naturområde

#### Negative konsekvensar:

- Konsekvensutgreiinga bygger på kjent kunnskap. Eventuell viktig naturmangfald som ikkje er registrert, er ikkje avdekkja. Ein kan derfor ikkje utelukke at arealforvaltninga ikkje vil verke skadelidande på naturmangfaldet i Tysnes kommune
- Arealbeslag og fragmentering i ni registrerte naturtypar og eitt viltområde
- Arealbeslag av naturområde
- Indirekte press på attverande areal med viktig biologisk mangfald eller potensiale for funn av viktig biologisk mangfald

#### KONKLUSJON:

Planframlegget har både positive og negative konsekvensar for naturmangfaldet. Nye tiltak i urørt natur vil i dei aller fleste tilhøve ha negative konsekvensar. Planframlegget er vurdert til å ha mindre negative konsekvensar for tre konkrete areal (-1), men inga konsekvens for planframlegget totalt sett (0).

## 5.6 Landskap

Det er ikkje utført eigne kartleggingar knytt til landskap for kommunen. I konsekvensutgreiingane på arealnivå er alle areal vurdert i høve til fjern- og nærverknad, sårbarheit i landskapet, type landskap, samt arealet sitt omfang og såleis påverknad på landskapet. Dette har mellom anna medført at innspel har blitt avslått eller endra i si arealutforming. Nye tiltak i urørt landskap vil i dei aller fleste tilhøve ha negative konsekvensar. Det er arealforvaltninga si oppgåve å syte for at landskapsinngrepa vert minst mogleg, og mest mogleg tilpassa stadeigen natur og kultur.

Fleire areal er vurdert til å ha negativ påverknad på landskapet, då i hovudsak for nærmiljøet. Dei fleste nye tiltak ligg i tilknyting til eksisterande utbygde område, og er ei utviding av desse. Dette medverkar til å samla inngrepa i område som allereie er påverka.

Av dei sju bustadområda er fire av desse knytt til Våge og eksisterande bustadfelt, medan LNF-spreidd areala er fordelt over heile kommunen. Omfanget av LNF-spreidd areala utgjer så få einingar at landskapsbildet truleg ikkje vert endra i desse områda.

Planframlegget legg til rette for sju nye næringsområde, eitt nytt, 1 med utviding og 5 næringsareal som attåtnæring for landbruk. Fleire av desse vil ha negativ påverknad på landskapet, men då i hovudsak for nærmiljøet.

Planframlegget legg til rette for fleire areal i strandsona og i sjø, då i hovudsak knytt til naust og småbåtanlegg/småbåthamn. Det er søkt å etablera naust i område med eksisterande naust og opna for fortetting i desse områda. Dette fører til ei samling av inngrep til færre område enn ved opning av enkeltståande tiltak i jomfrulege område. Det er søkt å legge til rette for småbåthamner i kvar krins. Småbåthamnene er både nye areal, men også utviding av eksisterande. I eit tradisjonelt kulturlandskap er større småbåthamner eit framandelement, og tiltaket sin påverknad på landskapsbildet er negativt.

Tysnes har eit landskap med eit mangfold av vegetasjon, landemerke, landskapsrom og kulturlandskap. Delar av landskapet er sårbart for utbygging. Det er søkt å lokalisera nye tiltak i område som er mindre sårbare for inngrep. Det er lagt føringar for dokumentering i høve til terrengrilpassing, fjernverknad, byggeskikk og tilpassing til eksisterande bygningar. Dette er viktig for å hindra silhuettverknad, og for å kunna tilpassa nytt bygningsmiljø og tradisjonelt kulturlandskap.

Direktoratet for naturforvaltning har kartlagt *Inngrepsfrie område i Noreg (INON)*. INON er definert til å vera alle område som ligg meir enn ein kilometer (i luftline) frå tyngre tekniske inngrep. Det er nokre område som kjem inn under denne definisjonen; fjellområda ved Tysnessåto, delområde på Reksteren, Bårdssund, Skorpo, Seløy og Ånuglo. Områda er små i INON samanheng, men har verdi lokalt som urørt natur. Planframlegget vil truleg ikkje påverke omfanget av INON avgrensingane.

### Positive konsekvensar:

- + Det er sett krav om reguleringsplan for større utbyggingsområde
- + Det er sett krav om landskapstilpassing og byggestil/byggeskikk
- + Det er lagt til rette for spreidd utbygging
- + Planframlegget vil ikkje endra omfanget av INON avgrensingane

### Negative konsekvensar:

- Planframlegget opnar for utbygging i urørte naturområde
- Nokre av dei nye areala vil ha fjernverknadar og endra landskapskarakteren for nærområdet
- Det er lagt til rette for spreidd utbygging

### Konklusjon:

Størsteparten av nye tiltak i urørt landskap vil ha negative verknader for landskapet. I planframlegget er det avgrensa omfang av nye byggeområde, mykje av dei nye områda er fortetting av eksisterande bebygde område. Føresegner skal sikra landskapsmessige og estetiske omsyn i planlegginga og tiltakssøknader. Negativ til ingen konsekvens (-1/0).

## 5.7 Barn og unge

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga vart vedtekne 1. september 1989. Rundskriv T-2/08 gir utdypande forklaring og rettleiing til desse rikspolitiske retningslinene. Retningslinene set krav til kommunale planleggingsprosessar om å vurdere konsekvensar for barn og unge i plansakshandsaming, og føreta ei samla vurdering av barn og unges oppvekstmiljø for å innarbeide mål og tiltak i kommuneplanarbeidet. Føresegner og retningsliner om omfang og kvalitet av areal og anlegg av tyding for barn og unge skal sikrast i planar, ein skal sikre at areal og anlegg som skal nyttast av barn og unge skal vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og annan helsefare.

I KU-arbeidet på innspelsnivå har ein lagt vekt på tilhøva til barn og unge. Planframlegget legg til rette for både bustadfelt og LNF-spreidd bustad. I høve til oppvekstmiljø for barn og unge er mellom anna potensiale for leikekameratar, tilgjenge til grøntareal i nærmiljøet, avstand til skule og fritidstilbod viktige moment.

I område med spreidd utbygging er tilgjenge til "uorganiserte" leikeareal stort. Det er ønskelegat ein også tar vare på den kreative leiken som skjer på areal i nærmiljøet som ikkje er tilrettelagt, men der barna kan skape sitt eige leikemiljø. Samstundes som nærmiljøet i høve til leik er god, kan spreidd busetnad føra til færre/lengre avstand til leikekameratar og det er lengre veg til skule og fritidstilbod. Dette kan medverka til auka transportbehov til og frå skule og på fritida. Det er ulike haldningar i høve til kva som er eit bra oppvekstmiljø for barn og unge. Er det bygdemiljøet eller tettstadsmiljøet? Tysnes kommune ønsker å legge til rette for begge delar slik at det er valmoglegheiter i kommunen.

Det er i dag skuletilbod ved Tysnes skule (5.-10. trinn), Uggdal skule (1.-4. trinn), Lunde skule (1.-6. trinn) og Onarheim skule (1.-6. trinn). Reksteren skule vart mellombels nedlagt i juni 2011. Kommunen er i prosess med ny skulebruksplan med fokus på ny skulestruktur. I denne prosessen er det fleire alternativ til dagens skulestruktur. Med relativt få innbyggjarar i kommunen er det økonomisk utfordrande å oppretthalde skular i alle krinsane.

For store delar av vegnettet manglar det felt for mjuke trafikantar. Det er grunn til å tru at skule- og fritidsveg såleis er sett på som "farleg" for mange barn og unge. For dei nye bustadfelta i Våge er det tilgang til gang- og sykkelveg fram til dei mest brukte målpunkta for barn og unge, medan dette ikkje er tilfelle for dei andre bustadfelta og dei fleste LNF-spreidd bustadområda.

### Positive konsekvensar:

- + Det vert lagt til rette for utviding av eksisterande bustadfelt
- + Det vert lagt til rette for spreidd utbygging
- + Planframlegget set krav til leikeareal i samband med utbygging av bustadfelt
- + God tilgjenge på grøntområde i nærområde for alle areal med bustadeiningar, anten tilrettelagte eller naturområde

### Negative konsekvensar:

- Det er ikkje gjennomført barnetråkk undersøking i samband med planprosessen
- Det vert lagt til rette for spreidd utbygging
- Det er ikkje gang- og sykkelnett eller annen vegbane for mjuke trafikantar i store delar av kommunen

### Konklusjon:

Konsekvensane for born og unge vert samla sett vurdert til ingen konsekvens, med relativt lik fordeling på positive og negative konsekvensar. Med satsing på meir sentrumsnære bustadfelt og LNF-spreidde bustader opnar kommunen opp for ulike rammer for barn og unge sine oppvekstvilkår.

## 5.8 Senterstruktur og utbyggingsmønster

Tysnes vil halda fram med Våge som det største handelssenteret i kommunen og med Uggdal som administrasjonssenter. I tillegg skal kommunen satsa på offentleg tilrettelegging i tettstadene Lunde og Onarheim. Utover det er det eit overordna mål at det framleis skal bu folk i dei gamle skulekrinsane og i gardsmiljø som grenser til desse.

Tysnes har stor trøng for å byggja sterkare senter i desse tettstadane, og eit sterkt handelssenter der aktivitet skapar aktivitet. Særleg gjeld dette Våge og Onarheim.

Onarheim har byggjefelt, skule, barnehage og kyrkje lokalisert i sentrum. Butikkane ligg fleire km unna. Eit tettare og sterkare senter vil skapa meir berekraftig utvikling. Kommunen venter seg ei snarleg utbygging i Nedrevåge, og dette ligg bak for sentrumsplanen for Onarheim sentrum, som går parallelt med kommuneplanarbeidet. Konsekvensutgreiing er under arbeid, og vert her gjort i reguleringsplanprosessen.

Våge er handelssenteret i kommunen, og senteret må leggjast til rette for auke i bygging av mindre husvære, kontor- og forretningslokale. Våge må verta sterkt nok til å tola at ferja vert borte frå området. Kommunen har sett i gang reguleringsplan for Våge sentrum, basert på stadanalyse for Våge, som vart utarbeidt for nokre år sidan.

Sentrumsplanen for Våge inneholder 2 nye areal der konsekvensutgreiing vert gjort i kommuneplanen. Etter nøye vurdering har kommunen "ofra" eit jordbruksareal for å skapa eit sterkt senter der føresetnadane er tilstades. Det andre nye arealet ligg til sjø, og her vil tilgang for ålmenta vera eit viktig innspel til reguleringsplanprosessen, slik det kom fram i stadanalysen.

I tettstaden Uggdal vert offentleg areal utvida til bl.a. nytt omsorgssenter og anna tenesteyting. Utover det vert areal som alt ligg i planen utvikla vidare.

For tettstaden Lunde er sentrumsareal vurdert som tilstrekkeleg i denne planperioden.

## 6 Overordna ROS-analyse

Den overordna og generelle ROS-vurderinga er knytt til beredskapsplanar i Tysnes kommune og ROS-analyse (Analyse av risiko- og sårbarle tilhøve, Tysnes kommune, 2008). Føremålet med denne fasen er å vurdera om det har oppstått nye risikomoment og/eller om nye tiltak er nødvendige.

I den overordna analysen vil ein sjå på planen sin totalitet i høve til risiko for definerte fareområde/hendingar. ROS-analysen vil vurdera risiko knytt til den nye arealplanen og planen sin påverknad på samfunnet i Tysnes, beredskap og sårbarheit.


Tysnes kommune er frå naturen si side ikkje særskilt sårbar, og det er heller ingen installasjonar eller andre menneskeskapte tilhøve som er særskilt farlege.

Tysnes er ei øy på Vestlandet, og har naturlege farar knytt til trafikk på sjøen og moglege ulukker i samband med dette, samt ekstreme værtihøve som kan føra til store skader. Tysnes skil seg likevel ikkje ut som særskilt sårbar samanlikna med andre kommunar i vårt område.

### 6.1 Naturrisiko

#### 6.1.1 Ras og skred

Det har historisk skjedd fleire skred i Tysnes kommune, jf. temakart under henta frå skrednett.no. I hovudsak er hendingane knytt til steinsprang og fjellskred, men det er også registrert nokre frå jordskred, flaumskred, lausmasseskred og snøskred. Fleire av skreda har hatt konsekvensar i høve til samferdsel og bygningsskadar. Desse konsekvensane er i hovudsak knytt til hendingar på austsida av Tysnes, samt til hendingar ved ulike fylkesvegar.




BILDETEKST: Kart med skredhendingar - skredtype. Kart henta frå [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no) (16.08.2011).

NGU har etablert ein kartdatabase som syner område med fare og utløpsområde for steinsprang og snøskred, [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no). Resultata er analysert med kjente og definerte kriterium, og syner område med potensiell risiko. Desse områda er ikkje undersøkt i felt. Det er fleire område i kommunen som har potensiale for både stein- og snøras/skred.



Aksomhetskart steinsprang



Aksomhetskartsnøskred.

Tysnes er del av eit interkommunalt skredsamarbeid med sju andre kommunar. Nettverket skal auka kompetansen på skred i kommunane slik at ein kan førebygga og redusera skredfaren. Nettverket poengterer at kommuneplanen skal avdekka areal med potensiale for ras/skred, medan reguleringsplanar skal avdekke reell fare for ras/skred.

- I plankartet vert det lagt faresone for alle areal der risiko for steinsprang eller snøskred overlappar byggeføremål med varig opphold. Det vil seie alle bustadområde, fritidsbustadområde, næringsområde eller område for offentlege føremål. Føresegn knytt til denne faresona sett krav til undersøking av reell fare for ras eller skred gjennom reguleringsplan eller ved enkeltståande byggesøknadar.  
*Endring: I plankartet vert det lagt faresone for alle areal byggeformål og LNF-spreidd areal (eksisterande, framtidig og regulerte). Føresegn: Ved utbygging innanfor desse områda må tryggleiksnivået vurderast og evt. avbøtande tiltak gjennomførast i tråd med teknisk forskrift.*
- Kommunen har gjort avtale med geolog som er knytt til skredsamarbeidet om gjennomgang av alle byggeområde i planframlegget som ligg innanfor aktsomhetsområde for skred. Dette er det først høve til å gjennomføra i løpet av høyrsperioden.

### 6.1.2 Klimaendringar/ekstrem vær

#### Ekstrem vind

Fleire område i kommunen er eksponert i høve til ekstrem vind. Det er registrert sterkt vind årleg på Vestlandet, men anslagsvis kvart andre år vert det registrert som storm. ROS-analyse frå 2008 ser orkan/storm med store skadar på bygningar med vidare og personsksadar som sannsynleg og med farlege og kritiske konsekvensar. Ofte er skadane av ekstrem vind knytt til lause gjenstandar som vert frakta gjennom lufta, øydelegging av takstein, stilas med meir, samt trefall over straumførande liner og veg. Ekstrem vind vil også ha påverknad på fare for ulukke til sjøs.

- Ved reguleringsplanar og enkelte byggesøknadar bør sårbarheit knytt til ekstrem vind avklarast. Elles er Teknisk forskrift styrande for konstruksjonar og tåleevne. Det er sett krav til dimensjonering etter lokale tilhøve for tiltak i eller nær sjø.

#### Ekstrem nedbør

Meir enn 70 mm nedbør i løpet av eit døgn på kysten vert rekna som ekstremnedbør. Ekstrem nedbør kan vera ein medverkande faktor til flaum og ras/skred. Sjå flaum.

#### Flaum

I følgje FylkesROS er risiko for flaum i vassdrag i ytre delar av Hordaland fylke låg. Det er ikkje kartlagt eller vurdert kva for elver i kommunen som medfører risiko for flaum og flaumskadar. Generelt kan ein trekke fram dei større elvane med historiske flaumhendingar slik som Reisoelva og Vattedalselva. Det er gjennomført sikringstiltak i Reisoelva som går langs Fv49 ved Uggdal. Elva er dimensjonert for 100-årsflaum.

- Potensialet for flaum og flaumskadar er eit faremoment som må avklarast i reguleringsplan eller ved byggesøknad der dette er aktuelt.
- *Det er sett generell byggegrense mot vassdrag på 20 meter, men unntak av vassdraga Flatråker, Uggdal, Omarheimselva der byggegrense er sett til 50 meter.*

#### Høg vasstand

Høg vasstand oppstår som ein kombinasjon av høg springflo og høg stormflo. Eksisterande busetnad ved sjø kan verta skada av høg vasstand.

- For nye bygg med isolasjon eller varig opphold nærmere kystlinja vert det lagt føringar for at minimum høgde for 1. etasje er på 2,5 moh. For naust og andre bygg utan isolasjon/varig opphold, men som må liggja nærmere sjøen, vert det ikkje sett krav til høgde over havet. Desse skal i utgangspunktet "tåle" vatn.
- Etablering av tiltak i sjø, som t.d. flytebrygge, molo og kai, skal dimensjonerast etter dei lokale tilhøva. Det vert sett krav til at dette skal dokumenterast ved reguleringsplan eller i byggesøknad.

### 6.1.3 Algeoppblomstring

Risiko for algeoppblomstring er i hovudsak knytt til oppdrettsnæringa. Stor oppblomstring av algar kan kvele oppdrettsfisk og kan gje store tap, då fisk døyr eller må naudslaktast.

- Det vert ikkje lagt til rette for nye akvakulturlokaliseringar i planframlegget.
- Tysnes kommune bør i neste rullering av kommuneplanen, og i samarbeid med næringa, vurdera nye og eventuelle omdisponeringar av eksisterande akvakulturanlegg i høve til nytt regelverk mm.
- Regionalplan for Sunnhordland skal rullerast i nær framtid. Akvakultur er varsle å vera eit av fleire hovudtema for rulleringa. Dette vil gi kommunane moglegheit til å sjå nærmare på problemstillingar knytt til akvakulturnæringa.

### 6.1.4 Radon

Det er gjennomført radonundersøking i alle kommunale bygg. Undersøkinga har ikkje avdekkta høge nivå av radon. Det er ikkje gjennomført kartlegging av radon elles i Tysnes kommune. Ut frå kart over berggrunn er det grunn til å vera merksam på radon i område der ein finn alunskifer, uranrike granittar, i lausmassar og på morenegrund.

- Teknisk forskrift sett krav til at bygg er sikra mot radon. Dette ved at det er gjennomført radonmålingar som syner verdiar under tiltaksnivå, eller at byggegrund vert sikra mot radoninntrenging.

### 6.1.5 Skog- og lyngbrann

Store deler av kommunen utgjer skog og lyngområde, og dermed tilhøyrande sårbarheit for brann. ROS-analyse frå 2008 ser risiko for stor skogbrann med evakuering til å ha stor risiko i periodar med tørke og vind (om våren). Kommunen har godt utbygd brannstell, men ved større brannar er kommunen avhengig av hjelp frå nabokommunar med mannskap og utstyr.

- Nokre eksisterande og nye bustadfelt ligg tett opp til større skog- og lyngområde. Som førebyggjande tiltak bør det hoggast ut skog for å redusera risiko for at skog-/lyngbrann spreier seg til bustadområde.

## 6.2 Verksemdrisiko

### 6.2.1 Forureining (luft, grunn, vatn, herunder m.a. støy)

#### Grunntilhøve

Tysnes kommune har ikkje kjennskap til enkeltområde som er meir utsett for forureina grunntilhøve enn andre. Nye areal av ein viss storleik vil ha krav om reguleringsplan, og dermed også utarbeidning av ROS-analyse der grunntilhøva vil naturleg vera ein del av ROS-analysen.

#### Støy

##### Trafikalstøy:

Støyvarslingskart frå Statens vegvesen (mars 2011) er nytta for å vurdera risiko for støyplager for eksisterande og nye byggeareal i kommuneplanen.

- Det vert lagt til rette for nye areal med varig opphold innanfor gul og rødsone i kommuneplankartet. Risiko for støy frå trafikk er redusert på bakgrunn av generell byggegrense mot veg.  
Det er generell byggegrense mot veg som også vil medverka til at risiko for støyplagar vert redusert.
- Omfang av nye areal totalt vil truleg ikkje føra til store endringar i framskrivingane i støyvarslingskartet.



**BILDETEKST:** Støyvarslingskarta er utarbeidet etter Miljøverndepartementets retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Støyvarselskarta syner berekna raud ( $L_{den}>65\text{dB}$ ) og gul ( $L_{den}>55\text{dB}$ ) støysone.

#### Støy fra skytebane:

Det er to skytebaner i Tysnes kommune, som er lokalisert ved Jelnetetjødna på Flatråker og ved Fureneset, Vevatnevatnet. Det er få bustadhus i nærleiken av skytebanene.

- Det er ikke lagt til rette for nye bustad- eller fritidsareal, eller annan støyfølsam arealbruk i nærleiken av arealet
- Faresone skytebane vert lagt på plankartet

#### Støy fra næringsverksemder:

PBL gjennom kommuneplanen og retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, gir retningsliner for grenser for støy fra mellom anna næringsverksemder. Samstundes set forureiningslova og Teknisk forskrift krav i høve til støynivå for ulike tiltak.

Det er fleire eksisterande næringsareal i Tysnes kommune. Ingen av desse er knytt til tyngre industri. Det er fleire næringsareal og verksemder som kan ha støyande aktivitetar for nærmiljøet. Det er ikke gjennomført kartlegging av støy fra næringsområde i kommunen.

- Det er lagt til rette for to nye og eitt areal som er ei utviding av eksisterande næringsareal i planframlegget. Det er føresett at kvar enkelt verksemd følgjer retningslinje T-1442 og forureiningslova.

#### 6.2.2 Utslepp av farleg gods og olje

I ROS-analyse 2008 finn ein mellom anna denne konklusjonen: “*Tysnes kommune er frå naturen si side ikkje spesielt sårbar, og det er heller ingen installasjonar eller andre menneskeskapte tilhøve som er spesielt farlege*”.

Tysnes er del av eit interkommunalt olje- og beredskapsnettverk, IUA Nord Rogaland/Sunnhordland. Dette nettverket utgjer 15 kommunar. Det er utarbeidd beredskapsplan for handtering av akutt forureining. Tysnes kommune er avhengig av bidrag utanfor kommunegrensa ved hendingar knytt til akutt forureining.

- Inga eksisterande næringsareal er knytt til verksemder med handtering av farleg gods, eller har potensiale for større forureining.
- Nye næringsareal er ikke lokalisert i nærleiken av sårbare naturområde (dvs. registrerte naturtypar eller viltområde).

#### 6.2.3 Brot på hovudkommunikasjonsnettet (veganlegg/bruuer/tunnelar/ferjekai)

ROS-analyse frå 2008 har vurdert hending knytt til samanbrot i transporten til/på/frå Tysnes. Hendinga er vurdert til å vera lite sannsynleg med middels konsekvensar. Det er skissert risikoreduserande tiltak som vedlikehald, tilgjengeleg alternativ båttransport og oppdatert planverk.

- Det er ikkje lagt til rette for nye areal som er spesielt sårbar for bortfall av hovudkommunikasjonsnettet, med unntak av areal for omsorgsbustadar på Uggdal. Arealet er knytt til Uggdal sentrum og sentrumsfunksjonar her.
- Det er ikkje lagt til rette for nye areal langt utanfor eksisterande hovudvegnettet eller privat vegnett.

#### 6.2.4 Bortfall av straum og telekommunikasjonar

I følgje ROS-analyse frå 2008 er det sannsynleg at det er samanbrot i el- og teleleveranse i Tysnes kommune. Konsekvens av hendinga er vurdert til å vera små. Tysnes kommune har eksisterande skadereduserande tiltak som til dømes naudstraumsaggregat for vassforsyning.

- Det er ikkje lagt til rette for nye areal som er spesielt sårbar for bortfall av straum eller telekommunikasjonar, med unntak av areal for omsorgsbustadar på Uggdal.

#### 6.2.5 Brot på forsyning av drikkevatn/Vassforsyning - brot eller forureining


Alle vassverka i kommunen er i privat eige og drifta (Uggdal, Våge, Lunde og Onarheim). I tillegg er det private brønnar og grunnvasshol. Tysnes kommune har utarbeidd hovudplan for vassforsyning (1999). Planen krev mellom anna at kvart vasslag skal ha ei reservevassforsyning.

- Nedslagsfelta for vassforsyningsanlegga er sikra gjennom sikringssone “nedslagsfelt” i kommuneplanen. Desse sonene er vidareført der det er eksisterande og aktive drikkevatn.
- Det er ikkje lagt til rette for nye areal innanfor nedslagsfelta for drikkevatna, slik at risiko for forureining ikkje er endra frå dagens situasjon.
- Det er ikkje nye areal som er spesielt sårbar for bortfall av vassforsyning.
- Tysnes kommune bør revidera hovudplan for vassforsyning, då kommuneplanen legg til rette for mange nye tiltak som krev vassforsyning.
- Tysnes kommune bør oppretta eit register over alle vasskjelder i kommunen.

#### 6.2.6 Trafikktryggleik/Ulukke: Skipsulukke, trafikkulukke

##### Trafikkulukke

I følgje ROS-analyse frå 2008 er det få store ulukker, men mange nesten-ulukker på vegane på Tysnes. Dei fleste registrerte ulukkene frå 2000-2007 syner ulukke med lettare skadde, og det er registrert ei dødsulukke i denne perioden, sjå kart.



BILDETEKST: registrerte trafikkulukke i perioden 2000-2007. Henta frå vegvesen.no (nasjonal vegdatabank).

I ROS-analyse frå 2008 er det synt til at bilulukke på vegane i Tysnes kommune er sannsynleg og har middels konsekvensar. Det er skissert avbøtande tiltak som til dømes trafikksikringsplan som inkluderer gangvegar/akseltrykk og ein nr to ambulanse i Tysnes/Fusa.

- Totalt legg planen opp til byggeføremål som opnar for 370 nye bustadeiningar (148 i nye areal og 222 i eksisterande areal). Auka trafikk og belastning på “dårlege” vegar vil kunne føre til auka risiko for trafikkulukke.
- For alle nye areal har ein vurdert eksisterande vegsituasjon og kommentert vegbane og kryssløysningar som bør forbetrast. Ved enkeltståande reguleringsplanarbeid eller byggesøknad skal veg- og kryssløysningar skisserast og planleggast.
- I planframlegget har ein vidareført framtidige trasèar for g/s-veg
- Planframlegget syner framtidig g/s-veg mellom Våge og Uggdal, samt frå Våge og Teigland

### Ulukke på sjø

Brukafrekvensen av sjø og vatn både til transport (ferje) og fritidsaktivitetar (fritidsbåtar) er høg i kommunen. I tillegg passerer større passasjerskip og lasteskip sjøområda i og kring kommunen.

I ROS-analyse frå 2008 er det synt til at båtulukke på sjøområda kring Tysnes kommune er sannsynleg og har store konsekvensar. Statistikken tilseia ei dødsulukke per år. Det er skissert avbøtande tiltak som til dømes eit oversyn over eigna kaiar i kommunen, oversyn over båtressursar/tilgjengelige båtar i kommunen og kartlegging av radiodekning/kommunikasjonsdekning.

- Planframlegget legg opp til fleire areal knytt til sjø og sjøaktivitetar, naust, småbåthamn og småbåtanlegg. Auka bruk av sjøarealet må forventast å gi auka fare for ulukke.
- Planframlegget set krav til reguleringsplan og ROS-analyse for alle nye småbåthamner.

### 6.2.7 Elektromagnetisk stråling

Det er generelle reglar knytt til avstand til høgspentliner og trafoanlegg for nye byggeområde.

- Høgspentliner er synt i plankartet med faresone. Bredde på faresona er avhengig av type høgspent.

## 6.3 Sårbare objekt

### 6.3.1 Verna områda etter naturmangfaldlova (naturvernlova)

Det er fleire område som er verna etter lovverk. Ingen av desse ligg i nærleik til areal avsett til ny utbygging i kommuneplanen. Tema er handsama i overordna KU.

### 6.3.2 Kulturminne/kulturmiljø

Det er mange automatisk freda kulturminne, eldre bygg og bygningsmiljø utan vernevedtak i kommunen. Det er lagt fleire nye byggeareal i område med gamle bygg og bygningsmiljø, i hovudsak naust i eksisterande naustmiljø. Tema er handsama i overordna KU.

## 7 Vedlegg

Plandokument:

Planprogram

Plankart

Føresegner/retningsliner

Vedlegg 1: Konsekvensutgreiing nye areal